



KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

Aukra, 14. november 2016

Til medlemmene i kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

MØTE NR.: 5/16

TID: 21.11.2016 kl. 09:30

STED: Kommunestyresalen, Aukra kommunehus

SAKSLISTE:

UTV. SAKSNR. TITTEL

- | | |
|----------|---|
| PS 30/16 | GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 15. SEPTEMBER 2016 |
| PS 31/16 | REFERAT OG ORIENTERINGAR |
| PS 32/16 | INNHALD OG OMFANG AV RAPPORTERING UNDERVEGS I REKNESKAPSÅRET |
| PS 33/16 | AUKRA KOMMUNE. ØKONOMIRAPPORTERING PR. 31.8.16 |
| PS 34/16 | GANG OG SYKKELVEG FALKHYTTEN-HORREM-SOLEM. SLUTTREKNESKAP |
| PS 35/16 | TILBYGG BERGTUN, NY BUEINING. SLUTTREKNESKAP |
| PS 36/16 | VASSLEIDNING FRÆNA-HOLLINGSHOLM. SLUTTREKNESKAP |
| PS 37/16 | GJENBRUK AV SKOLEBYGG. SLUTTREKNESKAP |
| PS 38/16 | VATN-UTSKIFTING AV ASBESTSEMENTRØR SANDEN- HUKKELBERG. SLUTTREKNESKAP |
| PS 39/16 | NKRF SIN KONTROLLUTVALSKONFERANSE I 2017. DELTAKING |
| PS 40/16 | OPPFØLGINGSLISTE |
| PS 41/16 | EVENTUELT |

Dersom det er saker kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i seinare møte, kan dette gjerast under **Eventuelt**.

Eventuelle forfall vert melde på tlf. 71 11 15 79, evt. mobil 91 37 11 12.

E-post: jane.anita.aspen@molde.kommune.no

Innkallinga går som melding til varamedlem som vert innkalla etter behov.

Oddvar Hoksnes (s)
leiar

Jane Anita Aspen (s)
daglig leder

Kopi: Ordførar
Rådmann
Møre og Romsdal Revisjon IKS



AUKRA KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe: 2016-1547/05
Arkiv: 033 &17
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 10.11.2016

Saksframlegg

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
PS 30/16	Kontrollutvalet	21.11.2016

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 15. SEPTEMBER 2016

Sekretariatet si tilråding

Protokollen frå møte 15. september 2016 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1.
2.

Bakgrunn for saka

Vedlagt følgjer protokollen frå førre møte. Protokollen er tidlegare utsendt. Det er ikkje kome merknader til protokollen.

Protokollen vert formelt godkjent i påfølgande møte samtidig som det vert valt to medlemmer til å signere protokollen.

Jane Anita Aspen
daglig leder



KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Møte nr: 4/16
Møtedato: 15.9.2016
Tid: Kl. 09.30 – kl. 12.15
Møtestad: Kommunestyresalen, Aukra kommunehus
Sak nr: 20/16 – 29/16
Møteleiar: Oddvar Hoksnes, leiar (Krf)
Møtande medlemmer: Ole Rakvåg, nestleiar (H)
Håkon Inge Sporsheim (Frp)
Forfall: Oddbjørg Sporsheim (V)
Bjørge Hukkelberg (Ap)
Møtande vara: Jørgen Svenheim (Sp)
Ikkje møtt: Ingen
Frå sekretariatet: Jane Anita Aspen, daglig leder
Frå revisjonen: Einar Andersen, forvaltningsrevisor
Av øvrige møtte: Jan Erik Hovdenak, kommunalsjef drift (under sak OS 16/16 og sak 27/16)

Protokollen vert formelt godkjent i neste møte

Leiaren ønska velkommen og leia møtet.

Det framkom ingen merknader til innkalling og sakliste.
Sak 27/16 vart handsama etter sak 21/16.

Innkalling og sakliste vart godkjent med denne endringa.

TIL HANDSAMING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 20/16	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 9. JUNI 2016
PS 21/16	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 22/16	OVERORDNA ANALYSE – PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2016-2019
PS 23/16	OVERORDNA ANALYSE – PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL 2016-2019
PS 24/16	REVISJONEN SIN RAPPORT FOR 1. HALVÅR 2016
PS 25/16	REVISJONSPLAN FOR REVISJONSÅRET 2016
PS 26/16	INNHOLD OG OMFANG AV RAPPORTERING UNDERVEGS I REKNESKAPSÅRET
PS 27/16	OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK
PS 28/16	FORSLAG TIL BUDSJETT FOR 2017 FOR KONTROLL OG TILSYN
PS 29/16	OPPFØLGINGSLISTE

Kontrollutvalet sitt vedtak

Protokollen frå møte 9. juni 2016 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. Oddvar Hoksnes
2. Håkon Inge Sporsheim

Kontrollutvalet si handsaming

Oddvar Hoksnes og Håkon Inge Sporsheim vert peika ut til å underskrive protokollen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles tilråding frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Protokollen frå møte 9. juni 2016 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1.
2.

Kontrollutvalet sitt vedtak

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming**Referatsaker:**

- RS 10/16 **Årsmelding 2015 – Kommunerevisjonsdistrikt 2 Møre og Romsdal**
- RS 11/16 **Overgang fra Kommunerevisjonsdistrikt 2 til Møre og Romsdal Revisjon IKS – brev til kommunene fra Kommunerevisjonsdistrikt 2 i M&R, datert 29.6.2015**
- RS 12/16 **Protokoll fra møte i styret for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal 7.9.2016**

Orienteringssaker:

- OS 16/16 **Endeleg tilsynsrapport, Skolens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, Aukra kommune – Gossen barne- og ungdomsskole (3 avvik), fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 20.06.2016**

Sekretær forklarte innleiingsvis at alle tilsynsrapportar vert lagt ved som orienteringssaker, fordi dette kan vere områder som også kontrollutvalet bør følgje med på.

Fleire av utvalsmedlemmene gav uttrykk for at det var vanskeleg å forstå innhaldet i rapporten, og at fylkesmannen burde få tilbakemelding om dette.

Kommunalsjef drift, Jan Erik Hovdenak var ikkje bedt om å møte knytt til denne orienteringssaka, men sidan han var til stades for å orientere knytt til ei anna sak, svarte han på nokre spørsmål og fortalte om den vidare prosessen for handsaming av rapporten. Hovdenak seier at kommunen også har hatt møter og vore i munnleg dialog med fylkesmannen om rapporten. Hovdenak opplyser at rektor og pedagogisk konsulent har arbeidd saman for å lukke desse avvika.

Kontrollutvalet konkluderte med at dei ønskjer å få tilsendt kommunen sitt svar til fylkesmannen om korleis dei har lukka avvika og fylkesmannen sitt tilsvaret til kommunen. Kontrollutvalet ønskjer også å få ei orientering frå administrasjonen om innhaldet i tilsynet, då dei syntes det var vanskeleg å få ei forståing for dette fagfeltet ut frå denne tilsynsrapporten.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (4 voterande)

PS 22/16	OVERODNA ANALYSE – PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2016-2019
----------	--

Kontrollutvalet si tilråding

Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukra kommune sin plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2019. Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere mellom tema som er omtala i planen eller prioritere andre tema for forvaltningsrevisjonsprosjekt, dersom desse uføresett oppstår i planperioden.

Kontrollutvalet si handsaming

Sekretær orienterte om bakgrunn for forslag til innstilling frå sekretariatet og informerte om at bestilling av prosjekt vil bli behandla som ei eiga sak i kontrollutvalet i eit seinare møte, og vidare ca. 1 gang i året ut planperioden.

Forvaltningsrevisor Einar Andersen forklarte bakgrunnen for at revisjonen i planen har prioriterer tema og ikkje prosjekt. Dette er fordi situasjonen endrar seg mykje i løpet av planperioden, også som følge av administrasjonen sitt eige arbeid.

Utvalsmedlemmene hadde ein grundig diskusjon på om det var rett å legge fram planen slik revisjonen foreslår, eller om ein burde prioritere til dømes tre tema/prosjekt, slik at kommunestyret får delta i den prioriteringa.

Utvalsmedlemmene konkluderte med å legge fram planen slik utkastet til revisjonen viser, ein vil då truleg ha større sjanse for å velje tidsaktuelle tema for forvaltningsrevisjon.

Det vart i møte satt fram forslag om at kontrollutvalet også måtte ha høve til å prioritere andre tema enn dei som kjem fram i planen, dersom noko uføresett oppstår i planperioden.

Det vart difor foreslått eit tillegg til forslag til sekretariatet si tilråding, slik at vedtaket blir som følgjer:

Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukra kommune sin plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2019. Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere mellom tema som er omtala i planen eller prioritere andre tema for forvaltningsrevisjonsprosjekt, dersom desse uføresett oppstår i planperioden.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukra kommune sin plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2019, og gir kontrollutvalet fullmakt til å prioritere mellom tema som er omtala i planen.

PS 23/16	OVERODNA ANALYSE – PLAN SELSKAPSKONTROLL 2016-2019
-----------------	---

Kontrollutvalet si tilråding

Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukra kommune sin plan for selskapskontroll for perioden 2016-2019. Det er i planen ikkje lagt opp til at det skal prioriterast selskapskontroll i denne valperioden.

Kontrollutvalet vert gjeve fullmakt til å prioritere prosjekt dersom utvalet finn dette naudsynt, eller dersom det kjem førespurnad frå andre kommunar om å delta i selskapskontroll på interkommunalt selskap.

Kontrollutvalet si handsaming

Utvalet ser det ikkje som særleg aktuelt å prioritere selskapskontroll i denne planperioden, men det kan vere aktuelt å delta i ein selskapskontroll på eit interkommunalt selskap saman med andre kommunar.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (4 voterande)

PS 24/16	REVISJONEN SIN RAPPORT FOR 1. HALVÅR 2016
-----------------	--

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet tek revisjonen sin rapport for 1. halvår 2016 til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Sekretær orienterte kort om at det ikkje kom fram noko i rapporten som ikkje skal vere kjent for utvalet frå tidlegare.

Forvaltningsrevisor Einar Andersen orienterte om kvalitetskontrollen som skal gjennomførast på revisjonen i haust.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (4 voterande)

PS 25/16	REVISJONSPLAN FOR REVISJONSÅRET 2016
-----------------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet tek revisjonsplana for revisjonsåret 2016, saman med revisorane si vurdering av sjølvstende, til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Utvalsmedlemmene hadde fleire spørsmål til området regnskapsrevisjon i den framlagte revisjonsplanen. I dette møtet var det ikkje til stades regnskapsrevisor. Utvalsmedlemmene ynskjer difor at regnskapsrevisor i neste møte kan forklare nærare kva som ligg i nokre av dei prioriteringane som ligg i revisjonsplanen.

Dette gjeld:

- «Vesentlighetsgrense. Kommunens gode økonomi gir rom for en høyere vesentlighetsgrense. Den totale vesentlighetsgrensen for Aukra kommune er satt til 7 mill. kroner i regnskapsåret 2016.»
- «Salgsområde. Den iboende risiko knyttet til fullstendighet bør følges opp nærmere både ved en kartlegging av rutiner med tilhørende test av kontroller og ved analyse av regnskapstallene. Detaljtester vil også bli vurdert hvor hensiktsmessig (avstemningskontrolle etc.). Risikoen for feil er høyere på ikke rutinemessige transaksjoner.»
- «Påse av administrasjonen forstår innholdet i fullstendighetserklæringen (rådmannen signerer på at regnskapet er fullstendig) og engasjementsavtalen.»
- «Se nærmere på arbeidsavtaler for lærere.»

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (4 voterande)

PS 26/16	INNHALD OG OMFANG AV RAPPORTERING UNDERVEGS I REKNESKAPS-ÅRET
-----------------	--

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet utsett behandling av saka til neste møte.

Kontrollutvalet si handsaming

Administrasjonen var forhindra frå å vere til stades under handsaming av denne saka.

Det vart framsett forslag om å utsette handsaming av saka til neste møte, slik at administrasjonen kan vere til stades og hjelpe til å belyse saka og svare på spørsmål.

Kontrollutvalet utsett behandling av saka til neste møte

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet oppmodar administrasjonen til å presentere ei prognose i ei tilleggskolonne for utviklinga og status for heile året basert på kommentarar. Dette gjelder alle linjene i skjema 1A og 1B.

PS 27/16	OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK
-----------------	---------------------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av oppfølging av politiske vedtak til orientering. Kontrollutvalet oppmodar administrasjonen om å legge oversikt over vedtaksoppfølging inn i perioderapporteringa til kommunestyret.

Kontrollutvalet si handsaming

Jan Erik Hovdenak, kommunalsjef drift, var til stades i møte for å orientere og svare på spørsmål frå utvalet.

Hovdenak peikar innleiingsvis på at sekretariatet har missoppfatta lista når det gjeld kva årstal sakene som ikkje er sett i verk er i frå. Det årstalet som kjem fram i lista er når saka vart oppretta i det elektroniske saks- og arkivsystemet, ikkje når det politiske vedtaket vart gjort. Det er såleis ein mangel med lista at det ikkje kjem fram kva år vedtaket vart gjort. Det er den politiske saka som er grunnlagt for kontrollutvalet si oppfølging, ikkje saka i saks- og arkivsystemet.

Kontrollutvalet oppmodar administrasjonen om å gjere vedtaksoppfølginga til ein meir automatisert prosess, slik at ein ikkje treng å gå langt tilbake i tid og lage egne oversikter. Utvalet vil difor oppmode om at administrasjonen legg vedtaksoppfølginga inn i perioderapporteringa til kommunestyret, slik fleire andre kommunar gjer.

Det vart i møte framsett forslag om å legge til følgjande tillegg til sekretariatet si tilråding.

Kontrollutvalet oppmodar administrasjonen om å legge oversikt over vedtaksoppfølging inn i perioderapporteringa til kommunestyret

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av oppfølging av politiske vedtak til orientering.

PS 28/16	FORSLAG TIL BUDSJETT FOR 2017 FOR KONTROLL OG TILSYN
-----------------	---

Kontrollutvalet si tilråding

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2017 med ei ramme på kr 570 000.-, inkludert kjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet, vert vedteke.

Det vert teke atterhald om justering av beløp til kjøp av revisjonstenester.

Kontrollutvalet si handsaming

Sekretær orienterte om innhaldet i budsjettforslaget og saksframlegget. Utvalsmedlemmene vurderte om det var behov for å justere nokre av budsjettpostane.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (4 voterande)

PS 29/16	OPPFØLGINGSLISTE
-----------------	-------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Oppfølging av politiske vedtak

Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er vorte satt i verk innan rimeleg tid. Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av formannskapet, kommunestyret, drift og arealutvalet, livsløpsutvalet og andre politiske utval med avgjerdsmynde. Hensikta med å få ei slik oppstilling er å kontrollere at administrasjonen sett i verk og gjennomfører dei vedtak som er vedteke av dei ulike politiske organ.

Kontrollutvalet ønskjer årleg å få framlagt ei slik sak.

15.09.16:Kontrollutvalet fekk framlagt oversikt i dagens møte, jf. Sak 27/16.Utvalet oppmodar om at oversikt vert lagt inn i perioderapporteringa til K-styret.

Tilsynsrapport. Skolens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa (ny sak)

Endeleg tilsynsrapport, skolen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, Aukra kommune – Gossen barne- og ungdomsskole (3 avvik). Utvalet frekk framlagt rapporten i dagens møte (OS 16/16). Kontrollutvalet ønskjer å få tilsendt kommunen sitt svar til fylkesmannen om korleis dei har lukka avvika og fylkesmannen sitt tilsvaret til kommunen. Utvalet ønskjer også å få ei orientering frå administrasjonen om innhaldet i tilsynet, då dei syntes det var vanskeleg å få ei forståing for dette fagfeltet ut frå denne tilsynsrapporten.

Kontrollutvalet si handsaming

Utvalet gjekk i gjennom dei sakene som var lista opp i saksframlegget.

Til dette møtet var det ikkje lagt opp til orientering frå administrasjonen knytt til oppfølgingslista.

Det vart ført opp 1 ny sak på oppfølgingslista:

- **Tilsynsrapport. Skolens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa**

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

Sekretariatet si tilråding

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Oddvar Hoksnes
leiar

Ole Rakvåg
nestleiar

Håkon Inge Sporsheim

Jørgen Svenheim

Jane Anita Aspen
sekretær



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utvall	Møtedato
PS 31/16	Kontrollutvalet	21.11.2016

REFERAT OG ORIENTERINGAR

Sekretariatet si tilråding

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Bakgrunn for saka


Referatsaker:

- RS 13/16 **Overordna analyse – plan for selskapskontroll 2016-2019** - utskrift av protokoll frå kommunestyret sitt møte 11.10.2016 i k-sak 76/16 (vedlagt)
- RS 14/16 **Overordna analyse – plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019** - utskrift av protokoll frå kommunestyret sitt møte 11.10.2016 i k-sak 77/16 (vedlagt)
- RS 15/16 **Forslag til budsjett for 2017 for kontroll og tilsyn** - utskrift av protokoll frå kommunestyret sitt møte 11.10.2016 i k-sak 78/16 (vedlagt)
- RS 16/16 **Eigarskapsmelding** - utskrift av protokoll frå kommunestyret sitt møte 11.10.2016 i k-sak 80/16 (vedlagt)
- RS 17/16 **Høringsuttalelse – NOU 2016:4 Ny kommunelov**, uttale frå Forum for kontroll og tilsyn (FKT) datert 30.9.2016. (Vedlagt)
- RS 18/16 **Høring – NOU 2016:4 Ny kommunelov**, uttale frå Norges kommunerevisorforbund (NKRF) datert 7.10.2016. (Vedlagt)
- RS 19/16 **Avvikling av kommunerevisjonsdistrikt 2 Møre og Romsdal**, brev datert 24.10.16 frå Kommunerevisjonsdistrikt 2 til deltakarkommunane. (Vedlagt)
- RS 20/16 **Varsel om innkalling til nytt konstituerende representantskapsmøte i Møre og Romsdal Revisjon IKS**, brev datert 4.11.2016 frå utredningsleder Asmund Kristoffersen til medlemskommunane i Møre og Romsdal Revisjon IKS. (Vedlagt)

Orienteringssaker:

- OS 17/16 **Tilsyn med tvungen helsehjelp etter pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A i Aukra kommune 2016** - (2 avvik), Helsetilsynet, datert 28.10.2016 (vedlagt)

Jane Anita Aspen
daglig leder

	Aukra kommune Kontrollutvalet	Arkivsak: 2016/247-12
		Arkiv:
		Saksbeh: Jane Anita Aspen
		Dato: 03.10.2016

Saksframlegg

Utv.saksnr.:	Utval:	Møtedato:
PS 23/16	Kontrollutvalet	15.09.16
76/16	Kommunestyret	11.10.2016

Overordna analyse - plan for selskapskontroll 2016 - 2019

Kontrollutvalet si tilråding:

Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukra kommune sin plan for selskapskontroll for perioden 2016-2019. Det er i planen ikkje lagt opp til at det skal prioriterast selskapskontroll i denne valperioden.

Kontrollutvalet vert gjeve fullmakt til å prioritere prosjekt dersom utvalet finn dette naudsynt, eller dersom det kjem førespurnad frå andre kommunar om å delta i selskapskontroll på interkommunalt selskap.

Kontrollutvalet si handsaming – 15.9.2016

Utvalet ser det ikkje som særleg aktuelt å prioritere selskapskontroll i denne planperioden, men det kan vere aktuelt å delta i ein selskapskontroll på eit interkommunalt selskap saman med andre kommunar.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (4 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukra kommune sin plan for selskapskontroll for perioden 2016-2019. Det er i planen ikkje lagt opp til at det skal prioriterast selskapskontroll i denne valperioden.

Kontrollutvalet vert gjeve fullmakt til å prioritere prosjekt dersom utvalet finn dette naudsynt, eller dersom det kjem førespurnad frå andre kommunar om å delta i selskapskontroll på interkommunalt selskap.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 11.10.2016

Behandling

Tilrådinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedtatt

Vedtak

Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukra kommune sin plan for selskapskontroll for perioden 2016-2019. Det er i planen ikkje lagt opp til at det skal prioriterast selskapskontroll i denne valperioden.

Kontrollutvalet vert gjeve fullmakt til å prioritere prosjekt dersom utvalet finn dette naudsynt, eller dersom det kjem førespurnad frå andre kommunar om å delta i selskapskontroll på interkommunalt selskap.

Vedlegg

- 1 Overordna analyse - plan for selskapskontroll 2016 - 2019
- 2 Overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for perioden 2016 - 2019

Særutskrift: Kontrollutvalet
Møre og Romsdal Revisjon IKS

Bakgrunn:

Det er kontrollutvalet som skal sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m., jf. Forskrift for kontrollutvalg § 13 og kommunelova sin § 77 nr. 5. Kontrollutvalet skal utarbeide plan for gjennomføring av selskapskontroll som skal vedtakast endeleg av kommunestyret. Planen skal utarbeidast minimum ein gang i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg. Planen skal være basert på ei overordna analyse av risiko knytt til både den overordna eigarstyringa i kommunen, og risiko knytt til ulike selskap kommunen har eigarskap i.

Som eit ledd i arbeidet med å utarbeide plan for selskapskontroll får kontrollutvalet i dette

Vedlagt saken følgjer:

- Oversendingsbrev frå Kommunerevisjonsdistrikt 2 Møre og Romsdal, datert 31.08.16
- Overordna analyse og plan for selskapskontroll i Aukra kommune 2016-2019

Vurdering

Kontrollutvalet vedtok i sitt møte 24.11.2015, sak 44/15 å bestille ei overordna analyse og utkast til plan for selskapskontroll for 2016-2019 frå Kommunerevisjonsdistrikt 2 Møre og Romsdal. Plan for selskapskontroll er med på å identifisere kva områder som bør prioriterast for selskapskontroll i valperioden.

I samband med utarbeiding av plan for selskapskontroll er det viktig å vurdere risiko knytt til både den overordna eigarstyring i kommunen, og risiko knytt til ulike selskap kommunen har eigarskap i

Grunnlaget for plan for selskapskontroll er ei overordna analyse av risikofaktorar knytt til dette. Analysen er grunnlaget for at kontrollutvalet skal kunne prioritere mellom kva selskap det er identifisert risiko for avvik. Kontrollutvalet må vidare vurdere kva selskap som er mest vesentlege. Den overordna analysen er ein føresetnad for å få ein god plan for selskapskontroll.

Overordna analyse og plan for selskapskontroll bygger på gjeldande eigarskapsmelding vedtatt av Aukra kommunestyre 31.3.2011 i sak 21/2011.

Som ledd i arbeidet med å utarbeide plan for selskapskontroll fekk kontrollutvalet i møte 9.6.2016 gjennomgå eit utkast til analyse og plan for selskapskontroll, for å kunne kome med innspel før revisjonen ferdigstilte sitt utkast til plan for selskapskontroll.

Aukra kommune har ingen heileigde aksjeselskap eller selskap der kommunen er majoritetseigar i aksjeselskap.

Selskapskontroll bør først vurderast i selskap som er heileigd av kommunen eller der kommunen er majoritetseigar. Selskapskontroll i andre selskap bør avklarast med dei andre eigarkommunane/eigarane.

Det vil vere særleg aktuelt å gjennomføre selskapskontroll i selskap som forvaltar mykje av fellesskapet sine midlar, eller som er viktige i forhold til tenesteleveranse.

Det kan også vere aktuelt å gjennomføre selskapskontrollar i IKS som er eigd saman med andre kommunar. Selskapskontroll i slike selskap bør avklarast med dei andre eigarkommunane.

Planen foreslår ikkje selskap det bør prioriterast å gjennomføre selskapskontroll i. Dersom det i løpet av valperioden oppstår forhold som gjer at ein likevel bør prioritere selskapskontroll, bør kontrollutvalet ha høve til å gjere ei slik prioritering. For å gjere sakshandsaminga så smidig som mogeleg, forslår sekretariatet at kontrollutvalet ber kommunestyret om fullmakt til å foreta prioritering av selskapskontroll, dersom utvalet finn det føremålstenleg. I tilråding til vedtak vert det lagt opp til dette.

Kontrollutvalet avgjer kven som på vegne av utvalet skal utføre selskapskontroll og i plandokumentet vert det lagt til grunn at selskapskontrollar skal utførast av kommunen sin revisor.

Etter at kontrollutvalet har handsama planen vert den sendt over til kommunestyret som fattar endeleg vedtak for kommunen sin plan for selskapskontroll for perioden 2016-2016.

Rett utskrift 13.10.16

Anita Raknes Otterlei
Formannskapssekr.



Aukra kommune
Kontrollutvalet

Arkivsak: 2016/247-13
Arkiv:
Saksbeh: Jane Anita Aspen
Dato: 03.10.2016

Saksframlegg

Utv.saksnr.:	Utval:	Møtedato:
PS 22/16	Kontrollutvalet	15.9.2016
77/16	Kommunestyret	11.10.2016

Overordna analyse - plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019

Kontrollutvalet si tilråding:

Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukra kommune sin plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2019. Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere mellom tema som er omtala i planen eller prioritere andre tema for forvaltningsrevisjons-prosjekt, dersom desse uføresett oppstår i planperioden.

Kontrollutvalet si handsaming – 15.9.2016

Sekretær orienterte om bakgrunn for forslag til innstilling frå sekretariatet og informerte om at bestilling av prosjekt vil bli behandla som ei eiga sak i kontrollutvalet i eit seinare møte, og vidare ca. 1 gang i året ut planperioden.

Forvaltningsrevisor Einar Andersen forklarte bakgrunnen for at revisjonen i planen har prioriter tema og ikkje prosjekt. Dette er fordi situasjonen endrar seg mykje i løpet av planperioden, også som følge av administrasjonen sitt eige arbeid.

Utvalsmedlemmene hadde ein grundig diskusjon på om det var rett å legge fram planen slik revisjonen foreslår, eller om ein burde prioritere til dømes tre tema/prosjekt, slik at kommunestyret får delta i den prioriteringa.

Utvalsmedlemmene konkluderte med å legge fram planen slik utkastet til revisjonen viser, ein vil då truleg ha større sjanse for å velje tidsaktuelle tema for forvaltningsrevisjon.

Det vart i møte satt fram forslag om at kontrollutvalet også måtte ha høve til å prioritere andre tema enn dei som kjem fram i planen, dersom noko uføresett oppstår i planperioden.

Det vart difor foreslått eit tillegg til forslag til sekretariatet si tilråding, slik at vedtaket blir som følgjer: Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukra kommune sin plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2019. Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere mellom tema som er omtala i planen eller prioritere andre tema for forvaltningsrevisjonsprosjekt, dersom desse uføresett oppstår i planperioden.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukra kommune sin plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2019, og gir kontrollutvalet fullmakt til å prioritere mellom tema som er omtala i planen.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 11.10.2016

Behandling

Tilrådinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedtatt

Vedtak

Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukra kommune sin plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2019. Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere mellom tema som er omtala i planen eller prioritere andre tema for forvaltningsrevisjons-prosjekt, dersom desse uføresett oppstår i planperioden.

Vedlegg

- 1 Oversendingsbrev frå Kommunerevisjonsdistrikt 2 Møre og Romsdal, datert 31.08.16
- 2 Overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon i Aukra kommune 2016-2019

Særutskrift: Kontrollutvalet
Møre og Romsdal Revisjon IKS

Bakgrunn:

Det er kontrollutvalet som skal sjå til at kommunen si verksemd årleg blir gjenstand for forvaltningsrevisjon, jf. Forskrift for kontrollutval § 9 og kommunelova § 77 nr. 4.

Med heimel i Forskrift om kontrollutval, § 10, skal kontrollutvalet utarbeide plan for forvaltningsrevisjon, som skal vedtakast endeleg av kommunestyret. Planen skal utarbeidast minimum ein gong i løpet av valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommune-styret har konstituert seg. Planen skal være basert på ei overordna analyse av kommunen si verksemd ut frå risiko- og vesentlegvurderingar.

Vurdering:

Forvaltningsrevisjonsarbeidet er ein svært sentral del av kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunal sektor og det er difor viktig at kontrollutvalet bruker plan for forvaltningsrevisjon som eit reiskap for å utøve ein mest mogleg målretta og effektiv tilsynsfunksjon i kommunen, i tråd med kommunestyret sine signal. Kontrollutvalet vedtok i sitt møte 24.11.2015, sak 43/2015, at eit slikt plandokument skulle utarbeidast av Kommunerevisjonsdistrikt 2 Møre og Romsdal.

Grunnlaget for plan for forvaltningsrevisjon er ei overordna analyse av risikofaktorar i kommune. Analysen er grunnlaget for at kontrollutvalet skal kunne prioritere mellom områder i kommunen der det er identifisert risiko for avvik. Kontrollutvalet må vidare vurdere kva områder som er mest vesentlege. Den overordna analysen er ein føresetnad for å få ein god plan for forvaltningsrevisjon.

Dette er kanskje eit av dei viktigaste prosjekta kontrollutvalet gjennomfører i løpet av ein valperiode. Kontrollutvalet fekk i møt 9.6.2016 gjennomgå eit utkast til overordna analyse og plan, og kome med innspel før revisjonen ferdigstilte sitt utkast.

Rådmannen skal i følgje kommunelova § 77 nr. 6, kunne uttale seg i alle saker som vert framlagd for kommunestyret. Kommunerevisjonen har difor også sendt den foreløpige analysa og planen til rådmannen for uttale. Revisjonen har ikkje mottatt innspel til utkastet.

Revisjonen har ut frå ei risiko- og vesentlegvurdering vurdert at følgjande tema er særlig aktuelle for forvaltnings-revisjon i perioden 2016-2019:

- Plan- og styringssystemet herunder
 - helhetlig planlegging og oppfølging
 - kvalitetssystem, internkontroll, avvikshåndtering
- Offentlige anskaffelser
- Etikk og åpenhetskultur (oppfølging av etiske retningslinjer)
- Barn og unge herunder barnehageområdet
- Helse, omsorg og velferdstjeneste herunder
 - psykisk helse og rus
 - boligsosialt arbeid


Revisjonen har i plan for forvaltningsrevisjon også vist til andre tema som kan være aktuelle for forvaltningsrevisjon i perioden 2016-2019, sjå vedlagt plan.

Ut frå kommunen sitt budsjett for kontroll og tilsyn, så er det realistisk at det kan gjennomførast maksimalt 3 prosjekt i valperioden. De vil difor vere naudsynt å gjere ei prioritering innan desse tema når kontrollutvalet i eiga sak gjer bestilling av konkret forvaltningsrevisjonsprosjekt. For å gjere sakshandsaminga så smidig som mogeleg, vert det tilrådd at kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet å prioritere prosjekt innafor dei tema som revisjonen har omtalt i planen som aktuelle for forvaltningsrevisjon.

Etter at kontrollutvalet har handsama planen vert den sendt over til kommunestyret som fattar endeleg vedtak for kommunen sin plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2019

Rett utskrift 13.10.16

Anita Raknes Otterlei
Formannskapssekr.

	Aukra kommune Kontrollutvalet	Arkivsak: 2016/765-5
		Arkiv: 150
		Saksbeh: Jane Anita Aspen
		Dato: 03.10.2016

Saksframlegg

Utv.saksnr.:	Utval:	Møtedato:
PS 28/16	Kontrollutvalet	15.9.2016
78/16	Kommunestyret	11.10.2016

Forslag til budsjett for 2017 for kontroll og tilsyn

Kontrollutvalet si tilråding:

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2017 med ei ramme på kr 570 000.-, inkludert kjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet, vert vedteke.

Det vert teke atterhald om justering av beløp til kjøp av revisjonstenester.

Kontrollutvalet si handsaming – 15.9.2016

Sekretær orienterte om innhaldet i budsjettforslaget og saksframlegget.

Utvalsmedlemmene vurderte om det var behov for å justere nokre av budsjettpostane.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (4 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2017 med ei ramme på kr 570 000.-, inkludert kjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet, vert vedteke.

Det vert teke atterhald om justering av beløp til kjøp av revisjonstenester.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 11.10.2016

Behandling

Tilrådinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedtatt

Vedtak

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2017 med ei ramme på kr 570 000.-, inkludert kjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet, vert vedteke.

Det vert teke atterhald om justering av beløp til kjøp av revisjonstenester.

Vedlegg

- 1 Kostnadsfordeling 2017 og 2016
- 2 E-post frå konst. daglig leder i Møre og Romsdal Revisjon, saman med Spesifikasjon av driftstilskudd for 2016 pr. kommune/fylkeskommunen
- 3 Økonomirapport pr. 25.08.16

Særutskrift: Kontrollutvalssekretariatet for Romsdal

Bakgrunn:

Med heimel i § 18 i Forskrift for kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følgje formannskapet si budsjett-innstilling til kommunestyret. Budsjettforslaget frå kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret, men formannskapet kan, i sitt samla budsjett, føreslå eit anna beløp enn det kontrollutvalet tilrår.

Aukra kommune kjøper sekretariatstenester for kontrollutvalet hos Kontrollutvalgs-sekretariatet for Romsdal. Dette er i samsvar med avtalen om interkommunalt samarbeid. Styret for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal skal i møte 7.9.2016 behandle budsjetttramma for sekretariatet for 2017. Beløpet for 2017 for Aukra kommune er det same som for 2016. Beløpet for kjøp av sekretariatstenester for 2017 samsvarar med Aukra kommune sin del av sekretariatet sitt budsjett.

Aukra kommune har fram til no hatt revisjonstenester frå Kommunerevisjonsdistrikt 2 i Møre og Romsdal (KR2). Aukra kommune har gjort vedtak om å gå inn som eigar i Møre og Romsdal Revisjon IKS. Etablering av selskapet er noko forseinka, styret har gjort vedtak om at det nye selskapet skal etablerast frå 1.10.2016. Representantsaksapet skal behandle budsjettet for 2017 i møte i slutten av september. Ved etablering av selskapet er det lagt til grunn at deltakarkommunane ikkje skal få høgare utgifter til revisjon. Konstituert dagleg leiar for det nye revisjonsselskapet, rår til at ein budsjetterer med same tall som for 2016 med eit påslag for 3 % pris- og lønnsvekst. Oppført beløp for kjøp av revisjonstenester er i samsvar med Aukra kommunes del av dette.

Budsjettforslaget skal synleggjere kontrollutvalet sine eigne kostnader og kostnader knytt til revisjon og sekretariatstenester.

Når det gjeld kontrollutvalet si eiga verksemd må ein ta utgangspunkt i beløpa som går fram av rekneskapsutskrift pr. august 2016.

I budsjettframlegget er det lagt opp til at kontrollutvalet avviklar inntil 5 møter i året.

Budsjettforslaget kan spesifiserast som følgjer:

Konto	Tekst	Budsjett 2017	Budsjett 2016	Rekneskap Pr. august 2016
1080	Godtgjørsle folkevalte	37 700	37 500	10 580
1080	Tapt arbeidsforteneste	3 000	10 000	0
1099	Arbeidsgivaravgift	5 900	5 000	1 495
1100	Faglitteratur, aviser	2 000	2 000	2 000
1115	Beverting	2 000	3 500	865
1150	Opplæring og kursutgifter	35 000	40 000	27 030
1160	Bilgodtgjersle + diett (oppg.pl.)	2 000	2 000	1 227
1170	Utgiftsdekning reise	11 000	10 000	7 123
1195	Kontingenter	1 400	2 000	1 400
	Sum kontrollutvalet si eigen verksemd	100 000	112 000	
1475	Kjøp tenester Revisjons M&R revisjon IKS	351 000	341 000	
1475	Kjøp tenester KU-sekretariatet	119 000	119 000	118 750
	Sum kontrollutval, sekretariat og revisjon	570 000	572 000	

--	--	--	--	--

VURDERING


For å gje kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon. Kommunestyret skal vedta eit samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen der utgifter til utvalet si eiga verksemd, sekretærbistand og revisjon kjem fram.

Kontrollutvalet må ha høve og midlar til å skaffe seg kunnskap og delta i erfaringsutveksling og samlingar saman med andre kontrollutval. I kommunal- og regionaldepartementets 85 anbefalingar for styrkt eigenkontroll i kommunane er det peika på opplæring av kontrollutval som eit viktig område.

Kontrollutvalgssekretariatet ser det som viktig at kostnader til kontroll og tilsyn vert synleggjort i kommunen sitt rekneskap. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet sluttar seg til dei vurderingar som her er gjort og anbefaler utvalet å be kommunestyret om å vedta kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2017 med ein netto ramme på kr 570 000.- som inkl. kjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet. Saka vert lagt fram med ovannemnte forslag til vedtak.

Rett utskrift 13.10.16

Anita Raknes Otterlei
Formannskapssekr.

	Aukra kommune	Arkivsak: 2014/691-3
		Arkiv: 020
		Saksbeh: Geir J. Göncz
		Dato: 06.07.2016

Saksframlegg

Utv.saksnr.:	Utval:	Møtedato:
86/16	Formannskapet	26.09.2016
80/16	Kommunestyret	11.10.2016

Eigarskapsmelding

Rådmannen si tilråding:

1. Kommunestyret tek eigarskapsmelding til vitande
2. Kommunestyret vedtek å avvikle deltaking i Sund Bredband AS
3. Kommunestyret vedtek å avvikle deltaking i Aukra Gass AS
4. Rådmannen vert delegert mynde til å slutføre selskapsdeltakinga i nemnde selskap

Saksprotokoll i Formannskapet - 26.09.2016

Behandling

Samrøystes som tilrådinga frå rådmannen

Innstilling frå formannskapet:

Som tilrådinga frå rådmannen

Vedlegg

- 1 Eigarskapsmelding

Særutskrift:



Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Oslo, 30. september 2016

HØRINGSUTTALELSE – NOU 2016: 4 NY KOMMUNELOV

Forum for kontroll og tilsyn (FKT) viser til høringsbrev fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet av 4.4.2016. Vi har gjennomført en intern høring blant våre medlemmer, og styret avgir følgende uttalelse, med hovedfokus på områdene kontroll, tilsyn og revisjon i NOU 2016: 4 Ny kommunelov:

Innledende merknader

I kommuneloven ble bestiller-/utførermodellen mellom kontrollutvalg og revisjon rendyrket fra 2004. I utredningen mangler en beskrivelse av de ulike rollene for kontrollutvalget som bestillere, deres sekretariat som uavhengig operativt ledd og rådgiver for kontrollutvalgene i deres arbeid, og revisjonen som leverandør av revisjon og andre undersøkelser til kontrollutvalget etter deres bestilling.

Utredningen undergraver på mange måter bestiller-/utførermodellen, fordi revisjonsselskapene gis vesentlig innflytelse over kommunenes egenkontroll. Dette mener vi svekker den folkevalgte styringen, med redusert tillit til den kommunale egenkontrollen som resultat. Dette mener vi står i direkte motsetning til intensjonen med den helhetlige gjennomgangen av kommuneloven, som skulle være å styrke det kommunale selvstyret.

FKT mener at dagens ordning med en mer rendyrket bestiller-/utførermodell mellom kontrollutvalg og revisjon enn det lovforslaget legger opp til, må videreføres, med en klar forankring i kommunestyre og kontrollutvalg.

Kapittel 12 Valgbarhet. Ombudsplikt og suspensjon mv.

12.2 Valgbarhet

Lovutvalget foreslår i § 7-3 at lederen av sekretariatet for kontrollutvalget i kommunen eller fylkeskommunen bør utelukkes fra valg til organer nevnt i § 7-2, uten at dette er nærmere utredet. Det er i praksis også andre enn leder som er sekretær for kontrollutvalget, og da kan det bli problematisk også om ansatte i sekretariatet er valgbar. Av lovforslaget § 23-7 fremkommer at sekretariatsfunksjonen ikke kan legges til medlemmer av kontrollutvalget, kommunestyret eller fylkestinget i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen. Vi finner likevel at spørsmålet om hvilke regler som burde gjelde ansatte i sekretariatet generelt burde ha vært utredet. Kanskje burde det i forskrift også komme et krav om dokumentasjon av sekretærs uavhengighet, tilsvarende som kravet for

revisor i revisjonsforskriften § 15. Vi stiller oss gjerne til rådighet for å drøfte dette i det senere arbeidet med forskrifter til kommuneloven.

FKT vil påpeke at det mangler samsvar mellom § 7-3 og § 23-1 med hensyn til hvem som er utelukket fra valg til kontrollutvalget (punktene f-h mangler i § 7-3). Vi slutter oss til det som fremgår av § 23-1 og antar at det er det korrekte.

Vi viser også til kommentarene knyttet til kapittel 25.1.4.

FKT mener at utvalget i større grad burde ha drøftet om ansatte i sekretariatet til kommunens/fylkeskommunens kontrollutvalg er valgbare etter § 7-3.

Kapittel 23 Kontroll og tilsyn med kommunene

23.1 Innledning

I innledningen sies det at kapittel 23 skal gi en overordnet beskrivelse av kontroll- og tilsynsordninger med kommunen. Vår hovedinnvending er at kapitlet ikke har med en beskrivelse av kontrollutvalgets sekretariat, noe som er et helt nødvendig bakteppe for å forstå kontrollutvalgenes arbeid.

Lovendringen i 2004 innebar bl.a. at kontrollutvalgene fikk et uavhengig sekretariat, og en bestiller-/utførermodell ble tatt i bruk. Dette har ført til at kontrollutvalgenes arbeid har endret seg mye, og de har blitt vitalisert. Revisors rolle endret seg også med innføring av profesjonelt sekretariat. Revisor er etter dette en leverandør som handler på bestilling fra kontrollutvalget.

I og med at sekretariatet ikke er beskrevet, kommer heller ikke de ulike rollene til revisor og sekretær frem. Dette er en svakhet ved beskrivelsen.

FKT mener at sekretariatets rolle må beskrives som en naturlig del av kontroll- og tilsynsordningene i kommunens egenkontroll.

23.2 Ekstern og intern kontroll

I 6. avsnitt står det at det faglige grunnlaget i den delen av egenkontrollen som har folkevalgt ledelse ved kommunestyret og kontrollutvalget, ivaretas av revisjonen. Kontrollutvalgssekretariatets rolle i dette bildet nevnes ikke. Det er sekretariatet som saksbehandler sakene til kontrollutvalget, lager forslag til innstilling/vedtak og gir råd til utvalget i faglige spørsmål knyttet til kontroll og tilsyn. Revisjonen er en leverandør og utfører på bestilling fra kontrollutvalget.

FKT mener at kontrollutvalgssekretariatet er en viktig del av det faglige grunnlaget for den delen av egenkontrollen i kommunen som har folkevalgt ledelse.

23.3 Egenkontroll

I dette avsnittet beskrives at kontrollutvalget trenger bistand til å gjennomføre den løpende kontrollen med den kommunale forvaltningen og at «Til å hjelpe seg har kontrollutvalget en faglig uavhengig revisjon». Sekretariatet er ikke nevnt i denne beskrivelsen, noe som er en svakhet. Den løpende kontrollen består i hovedsak av at sekretariatet på vegne av kontrollutvalget ber om orienteringer og informasjon på ulike felt, legger opp saker til orientering i utvalget, virksomhetsbesøk og bestilling og oppfølging av revisjonsrapporter o.l. Sekretariatet er kontrollutvalgets rådgiver og diskusjonspartner i alle saker som utvalget tar opp.

FKT mener at et uavhengig og kompetent kontrollutvalgssekretariat bistår kontrollutvalget faglig med den løpende kontrollen med den kommunale forvaltningen på kommunestyrets vegne.

23.5 Statsforvaltningskontroll og egenkontroll

Det er positivt at det foreslås et sterkere koordineringsansvar fra fylkesmannens side for å unngå unødvendig belastning på kommunene. Vi stiller imidlertid spørsmål ved om de foreslåtte virkemidler vil bli sterke nok for faktisk å redusere statlig kontroll.

Dialog med fylkesmannen om tilsyn og kontroll må skje mellom kontrollutvalg ved sekretariatet og fylkesmannen, ikke revisjonsenheten. Dette er den mest praktiske måten å få til en koordinering på, siden det er kontrollutvalget som vedtar hvilke undersøkelser revisjonen skal gjøre og innretningen på disse.

FKT mener at dialog med fylkesmannen om tilsyn og kontroll skal skje mellom kontrollutvalget ved sekretariatet og fylkesmannen.

23.7 Viktigste utfordringer

Vi støtter forslaget om at kommunen ved kontrollutvalget skal ha en mulighet til bedre kontroll med selskaper som kommunen er deleier i sammen med private aktører. Vi støtter lovforslagets understreking av behovet for å styrke rolleforståelsen i arbeidet med kontroll og tilsyn.

FKT støtter forslaget om at kommunens kontroll med virksomhet som foregår i selskaper og andre organer utenfor kommunen bør styrkes.

Kapittel 24 Internkontroll

FKT støtter utvalgets forslag om å innføre en tydeligere internkontrollbestemmelse i kommuneloven som erstatning for særlovgivningens bestemmelser om internkontroll for kommuneplikter.

Kapittel 25 Kontrollutvalget og kontrollutvalgssekretariatet

25.1.1 Innledning

Vi støtter utvalgets forslag om å øke minimumskravet til antall medlemmer i kontrollutvalget fra tre til fem, ettersom bare tre medlemmer lett blir for sårbart ved forfall/fravær og kan begrense drøftingene i utvalgene. Det kunne samtidig vurderes nærmere om det også burde være en øvre grense for antall medlemmer i kontrollutvalget for å sikre effektivitet og partipolitisk uavhengighet.

FKT støtter forslaget om å øke minste antall medlemmer i kontrollutvalget fra tre til fem medlemmer.

25.1.4 Valgbarhetsregler

Vi støtter forslaget om å beholde dagens strenge valgbarhetsregler knyttet til folkevalgte og ansatte i kommunen/fylkeskommunen.

Utvalget foreslår å endre valgbarhetsreglene for medlemmer som har ledende stilling, styreverv eller er medlem av bedriftsforsamling i et selskap. Vi støtter forslaget, men vi savner en nærmere vurdering av valgbarheten til kontrollutvalget for eierrepresentanter. Også her kan det oppstå uheldige inhabilitetssituasjoner. Se også kommentarene til kapittel 12.2.

FKT støtter forslaget om at ansatte fortsatt skal være utelukket for valg til kontrollutvalget. Vi støtter også forslaget om strengere valgbarhetskrav knyttet til personer med ledende stillinger og verv i styre og bedriftsforamling i selskaper som kommunen/fylkeskommunen har eierinteresser i. I tillegg ønsker vi at dette skal gjelde også for eierrepresentanter i slike selskaper (representantskap, generalforsamling mv.).

25.2 Høring i regi av kontrollutvalget

Utvalget presiserer i andre avsnitt s. 319 at begrepet «hos kommunen» skal forstås slik at det gjelder kun administrasjonen. Vi mener at dette ikke er i tråd med gjeldende rett i dag. I Vedlegg nr. 1 til rundskriv H-15/04 fremgår det av kommentarene til § 4 punkt 3 at

Kontrollutvalget er kommunestyrets/fylkestingets eget kontrollorgan og dermed ikke underlagt andre organer i kommunen/fylkeskommunen. Kontrollutvalgets tilsynsansvar omfatter derfor ikke kommunestyret/fylkestinget selv. Kontrollutvalget kan likevel uttale seg dersom kommunestyret/fylkestinget for eksempel har truffet eller er i ferd med å treffe et vedtak som vil være ulovlig.

Begrensningen knyttet til «kontrollutvalgets tilsynsansvar omfatter derfor ikke...» er tidligere tolket som at kontrollutvalgets tilsyn også omfatter det politiske nivået, så nær som kommunestyret/fylkestinget. Dette mener vi burde ha vært nærmere drøftet i utredningen.

FKT mener at siden det kun er kommunestyret/fylkestinget selv som ikke er omfattet av kontrollutvalgets tilsynsansvar, skal også folkevalgte ha plikt til å møte og forklare seg i høringer.

25.3 Kontrollutvalgssekretariatet

Utvalget legger til grunn at

«et faglig kompetent og velfungerende sekretariat er viktig for et uavhengig og godt arbeidende kontrollutvalg».

Vi anser dette som vesentlig, men synes ikke det gjenspeiles i utredningen. Sekretariat for kontrollutvalg ble lovpålagt i 2004. Kontrollutvalgenes arbeid har endret seg mye fra den tiden revisor var sekretær for utvalget. Utvalgene behandler flere saker og har blitt mer synlige og aktive med egne uavhengige og kompetente sekretariater enn under ordningen med revisor som sekretær.

FKT mener at sekretariatsfunksjonen og betydningen av et faglig kompetent og velfungerende sekretariat må beskrives tydeligere i lovproposisjonen.

25.3.4.1 Hvem som kan være sekretariat for kontrollutvalget

Vi støtter flertallets syn om at revisor ikke kan være sekretær for kontrollutvalget. Det ville være en svært uheldig rolleblending dersom revisor skal legge frem resultatene av eget arbeid for kontrollutvalgene. I tillegg strider dette mot bestemmelsene om kontrollutvalgets tilsyn med revisor.

Som lovutvalget peker på, er det viktig at sekretariatet er uavhengig av kommunens administrasjon. Vi mener at det er uheldig dersom denne grunntanken omgås gjennom at kommuner inngår en bytteordning der administrasjonen i en kommune er sekretariat for kontrollutvalget i en annen kommune. Vi viser i denne forbindelse til Forum for kontroll og tilsyn sin uttalelse til KMD datert 24.2.2016 der det ble gitt følgende anbefaling:

1. Primært at slike bytteordninger blir erklært ulovlige og at de må opphøre snarest.
2. Sekundært at slike bytteordninger er meget uheldige og at de bør opphøre snarest.

I dag er det også noen revisjonsselskaper som er sekretariat for kontrollutvalg der de selv ikke er revisor. Dette er etter vår mening uheldig, og det er lett å trekke parallellen til at lovutvalget mener at sekretariatet ikke kan utføre revisjonsoppgaver. Det bør også gå motsatt vei. Særlig uheldig blir en slik rolleblending i kommuner som har konkurranseutsatt revisjonen sin. I forbindelse med nye runder på konkurranseutsetting av revisjonstjenestene, vil revisjonsselskapet som utfører sekretariatsoppgaver for kontrollutvalget, få fullt innsyn i konkurrentene sine tilbud. Vi mener altså at revisjonsselskaper ikke bør kunne være sekretariat for kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner.

Vi viser også til forslaget under kapittel 12.2 om at det kan være aktuelt å innføre dokumentasjon av uavhengighet for sekretær for kontrollutvalg.

FKT mener at sekretariatets uavhengighet må vektlegges sterkere gjennom at bytteordninger der administrasjonen i en kommune er sekretariat for kontrollutvalget i en annen kommune ikke er lovlig. I tillegg mener vi at revisjonsenheter ikke skal kunne utøve sekretariatsfunksjonen i kommuner, selv om de ikke utfører revisjonsoppgavene i den aktuelle kommunen.

1. Meirforbruket skuldast i hovudsak utgifter knytt til arbeidet med fastlandsløysing og kommunereforma. Desse utgiftene skal dekkjast ved bruk av fond ved rekneskapsårets slutt og ved bruk skjønsmidlar som er øyremarka arbeidet med kommunereforma. Meirforbruket skuldast og at kommunen har hatt ei større auke i behovet for juridisk kompetanse på grunn av fleire kompliserte

saker. I tillegg skuldast meirforbruket auke i kontingenten som kommunen betalar til ROR IKT.

2. Molde kommune har meldt om ei vesentleg auke på kr. 5 mill i RORikt sine utgifter. Årsaka er opplyst å være auke i lisensutgifter. For Aukra kommune sin del på 7,4% vil det utgjere eit meirforbruk på kr. 370.000. Dette blir meldt som endra prognose. Utover dette kan området og få eit meirforbruk ved årets slutt, men dette vert forsøkt dekt av eiga ramme. Avvik utover kr. 370.000,- vert difor ikkje meldt som eit meirforbruk i årsprognosen eller i budsjettkorrigeringssaka.

3. Auka kontingent til RORikt kan ikkje påverkast av tiltak på avdelinga.

4. Ikkje aktuelt.

10.3 Økonomiavdelinga

		Regnskap	Periodebudsjett inkl. endring	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Prognose	Endra prognose	Ny prognose
10.3	Økonomiavdeling	3 600 578	3 540 398	60 180	4 641 395	4 641 395	0	4 641 395

1. Meirforbruket skuldast utgifter knytt til innføring av eHandel som skal dekkast ved bruka av fond på slutten av året.

2. Ein ventar ikkje avvik i forhold til budsjett pr. 31.12.2016

3. Ikkje relevant

4. Ikkje relevant

10.4 Organisasjonsavdeling

		Regnskap	Periodebudsjett inkl. endring	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Prognose	Endra prognose	Ny prognose
10.4	Organisasjonsavdeling	2 422 071	2 782 724	-360 653	4 159 788	4 159 788	0	4 159 788

1. Årsak til mindreforbruk er at enkelte utgiftspostar ikkje er muleg å periodisere då utgiftene kan variere noko frå år til år.

2. Samla sett er det ikkje venta eit vesentleg meir-/mindreforbruk pr. 31.12.

3. Ikkje aktuelt.

4. Ikkje aktuelt.

10.7 Barnevern

		Regnskap	Periodebudsjett inkl. endring	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Prognose	Endra prognose	Ny prognose
10.7	Barnevern	2 930 650	2 358 192	572 458	4 038 000	4 038 000	1 000 000	5 038 000

1. Meirforbruket skuldast både fleire barnevernstiltak i familiar og utanfor familiar, og i tillegg utgifter til advokatenester. Barneverntenesta i Aukra kommune er eit intekommunalt samarbeid med Molde som vertskommune. Det har ikkje i løpet av året kome melding frå Molde kommune om behov for budsjettauke.

2. Forventa meirforbruk pr. 31.12 er kr. 1.000.000. Dette inkluderer utgifter til barnevernvakt. Det knyt seg framleis noko usikkerheit til denne prognosa, først og fremst grunna advokatutgifter.

3. Aukra kommune vil i samband med budsjett 2017 kome i dialog med Molde kommune om utgifter til barnevernstenester. Vi ser det ikkje som realistisk å endre på løpande utgifter slik dei er no i 2016.

4. Det er behov for kr. 1.000.000 i auka ramme. Kostra-tal viser at Aukra ligg særst lavt (om lag 50 % av landssnitt) i ressursbruk til barnevern. Dette ser ut til å verte varig noko høgre framover, stipulert til ei auke på om lag 25-30 % frå dagens budsjettnivå.

10.8 Pedagogisk rådgjevar

		Regnskap	Periodebudsjett inkl. endring	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Prognose	Endra prognose	Ny prognose
10.8	Pedagogisk rådgjevar	4 101 522	4 497 239	-395 717	7 572 941	7 572 941	0	7 572 941

1. Mindreforbruk er midlertidig og skuldast at ein enno ikkje har fått alle venta fakturaer frå PPT.
2. Samla sett er det ikkje venta eit vesentleg meir-/mindreforbruk pr. 31.12.
3. Ikkje aktuelt.
4. Ikkje aktuelt.

10.9 Næring, revisjon, kyrkje

		Regnskap	Periodebudsjett inkl. endring	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Prognose	Endra prognose	Ny prognose
10.9	Næring, revisjon, kyrkja mm.	10 601 333	10 663 928	-62 595	21 123 700	21 123 700	3 444 000	24 567 700

1. Ikkje vesentlege avvik pr. 31.8.16
2. I forhold til vedteke budsjett vil det pr. 31.12 bli eit avvik knytt til auka tilskot til GassRORiks grunna auke i eigedomsskatt for 2016 med kr. 3.444.000,-.
3. Tilskotet er ut frå avtalt nivå og kan ikkje påverkast gjennom tiltak.
4. Ikkje relevant.

20 Gossen barne- og ungdomsskole

		Regnskap	Periodebudsjett inkl. endring	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Prognose	Endra prognose	Ny prognose
20	Gossen barne- og ungdomsskole	20 633 842	21 558 529	-924 687	33 175 990	33 175 990	0	33 175 990

1. Vi har eit mindreforbruk til no etter at vi har prøvd å skape oss eit handlingsrom til innkjøp av nye lærebøker, datamaskiner og liknande. Vi får og ekstra utgifter til skyss dette skoleåret (2016-2017) til svømmeopplæringa ettersom det er nye kompetansemåla i faget. Det krev meir tid til opplæring i bassenget. Det har og tilkome ein time til i natufag på mellomsteget frå hausten 2016.
2. Innkjøp av nye lærebøker, nye datamaskiner o.l i tillegg til auka utgifter til skyss til bassenget og ein ekstra time i naturfag for mellomsteget, gjer at vi reknar med å greie å komme ut på ramma vi er tildelt.
3. Ikkje aktuelt for oss.
4. Ikkje aktuelt for oss.

21 Julsundet skole

		Regnskap	Periodebudsjett inkl. endring	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Prognose	Endra prognose	Ny prognose
21	Julsundet skole	8 660 961	9 215 423	-554 461	14 600 599	14 600 599	-130 000	14 470 599

1. Mindreforbruket skuldast:
 - Overføring på 413 000 kr. Summen skal brukast til å lønne ekstra spe.ped.lærarar fram til årsskiftet. Sidan dette ikkje er innarbeidd i detaljbudsjettet, kjem det til uttrykk som eit mindreforbruk.
 - Styrking av budsjettet ved 1. tertial på 172 000 kr. Denne inntekta skal også nyttast til spe.ped tiltak. Sidan skolen fekk denne som auke i ramma ved handsaming av 1. tertial, er summen periodisert
 - 100 000 kr for mykje tilskot til vidareutdanning. Denne summen skal trekkast ut og settast på fond sidan læraren som har fått innvilga støtte, går ut i foreldrepermisjon. Han vert nytta først i 2018.

- Overføring mellom eigedomsavdelinga og skolen er ikkje endeleg avslutta. Kan verte ei justering der skolen må styrke eigedom med 130 000 kr

2. Ein ventar å halde seg innanfor ramma:

Vi vil få 500 000 kr meir i inntekt frå sal av skoleplassar til andre kommunar enn budsjettert . Samstundes har vi eit overforbruk på løn til spesialundervisning på grunn av ei stor auke i behova frå hausten 2016

3. Det ser ut som ramma vil verte halden

4. Mindreforbruket skuldast feil budsjettkorrigerings knytt til eigedomsavdelinga i 1. tertial 2016. Dette vert meldt inn som endring i budsjettkorrigeringa.

22 Barnebo barnehage

		Regnskap	Periodebudsjett inkl. endring	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Prognose	Endra prognose	Ny prognose
22	Barnebo barnehage	10 223 850	10 896 546	-672 695	16 485 903	16 485 903	0	16 485 903

1. Mindreforbruk i forhold til periodisert budsjett skuldast større inntekter enn budsjettert med.

2. ikkje forventa meirforbruk

3. ikkje aktuelt

4. ikkje aktuelt

23 Bergetippen barnehage

		Regnskap	Periodebudsjett inkl. endring	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Prognose	Endra prognose	Ny prognose
23	Bergetippen barnehage	6 449 244	6 178 332	270 912	10 035 270	10 035 270	0	10 035 270

1. Det er eit meirforbruk som delvis skuldast ekstra lønsutgifter til utvida assisterande styrarstilling og lønsmidlar til styrka tilbod, der det ikkje er tilført ekstra midlar. Noko skuldast feilbudsjettert på løn.

2. Det er ikkje forventa meirforbruk, då det er tilført ekstra lønsmidlar frå nytt barnehageår. Desse lønsmidla vil dekke nye pedagogstillingar og 50 % assisterande styrar.

3. Det er ikkje forventa meirforbruk, grunna ekstra lønsmidlar inn. I tillegg blir det ikkje brukt lønsmidlar til lærling, det er forventa noko meir inntekter på brukarbetaling og mindre bruk på forbrukspostane.

4. Det er ikkje forventa mindreforbruk.

24 Eining for innvandring og integrering

		Regnskap	Periodebudsjett inkl. endring	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Prognose	Endra prognose	Ny prognose
24	Eining for innvandring og integrering	-992 400	1 070 214	-2 062 614	0	0	0	0

1. Ansvar for innvandring og integrering har vore krevjande å budsjettere for 2016. Delvis skuldast dette tidspunkt for ankomstar av flyktingar i 2015 opp mot budsjettarbeid, og delvis manglande stabilitet både på inntekts- og utgiftssida. Mindreforbruket på rapporteringstidspunktet må sjåast i lys av dette.

2. Det er budsjettert med like store inntekter som utgifter i 2016. Det er venta balanse eller noko mindreforbruk ved årsslutt. Dette vil vi sjå betre når vi har avslutta samarbeidet med Molde og vi veit om det kjem fleire flyktingar mot slutten av 2016.

3. Ikkje aktuelt

4. Eit eventuelt mindreforbruk vert sett på fond til føremålet.

25 Kultur

		Regnskap	Periodebudsjett inkl. endring	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Prognose	Endra prognose	Ny prognose
25	Kultur	5 536 342	6 940 215	-1 403 873	9 906 893	9 906 893	-630 000	9 276 893

1. Mindreforbruk i forhold til periodisert budsjett på rapporteringstidspunktet skuldast i hovudsak;

- Prosjektstilling som følgje av vedtak om utarbeiding av kulturminneplan vert ikke sett i verk i 2016 pga manglande ekstern finansiering.
- Tildelingar av tilskot i 2016 som ikkje var kjend på budsjettteringstidspunktet
- Utbetaling av tilskot samsvarer ikkje med periodisering
- Færre søknadar og utbetalingar frå kommunale tilskotsordningar.
- Vakante stillingar i kulturskolen

2. Venta mindreforbruk i forhold til årsbudsjett med endringar pr. 31.12. vil vere på kr. 630.000,-

3. Ikkje aktuelt

4. Mindreforbruk blir meldt inn som endring på ramme i sak om budsjettkorrigerings.

30 Institusjonstenester

		Regnskap	Periodebudsjett inkl. endring	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Prognose	Endra prognose	Ny prognose
30	Institusjon og buteneste	27 844 822	32 769 094	-4 924 272	44 089 358	44 089 358	2 000 000	46 089 358

1. Eininga fekk akkurat inn refusjonar frå ressurskrevjande tenester som det ikkje er blitt korrigerert for i rekneskapet. Når denne inntekta er tatt ut frå rekneskapen viser det at vi i utgangen av 2 tertial har eit meirforbruk på kr 1,476.000,- Overforbruket skuldast:

Nordbo ekstrahjelp og overtid totalt kr 800.000,-

Kjøkken ekstrahjelp 270.000,-

Avlasting ekstrahjelp 250.000,-

Bergtun ekstrahjelp overtid og vikar 250.000,-

2. Vi reknar med at vi vil havne på eit meirforbruk på om lag 2.000.000.

3. På kort sikt vurderer vi heile tida behovet for vakter/ekstra vakter og strammer inn bruk av overtid. På lengre sikt ser vi på organisering av arb. takere i ny turnus. Stabil bemanning 7 dagar i uka reduserer behovet for overtid

4. Ikkje aktuelt.

32 Tenester til heimebuande

		Regnskap	Periodebudsjett inkl. endring	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Prognose	Endra prognose	Ny prognose
32	Tenester til heimebuande	16 467 265	16 361 297	105 967	25 895 324	25 895 324	0	25 895 324

1. Eining Heimetenester har eit meirforbruk etter 2 tertial som skuldast overtid og innleige av vikarar i krevjande periodar og ved høgt sjukefråvær.

2. Vi forventar ikkje meirforbruk, men det vil alltid være ei usikkerheit i forhold til vedtak som krev ein til ein bemanning.

3. Vi har ei stram økonomistyring og god kontroll på lønnskostnadane, men behovet for tenester er variabelt.

4. Ikkje aktuelt.

40 Helse

		Regnskap	Periodebudsjett inkl. endring	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Prognose	Endra prognose	Ny prognose
40	Helse	5 730 822	5 912 854	-182 032	10 524 778	10 524 778	0	10 524 778

1. Venter auka utgifter til vedlikehald ambulansebåt ut året slik at regnskap balanserer mot vedteke budsjett.
2. Ventar ikkje meir/mindreforbruk sjølv og det kan komme uforutsette driftsutgifter
3. Eg meldar ikkje om meirforbruk, men klarer å halde oss innfor budsjett ved m.a. å ikkje sette inn vikarar ved sjukdom og drifte med minst mulig utgifter. Budsjettet er stramt.
4. Det ligg ikkje an til mindreforbruk.

50 NAV

		Regnskap	Periodebudsjett inkl. endring	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Prognose	Endra prognose	Ny prognose
50	NAV	2 594 744	2 375 125	219 619	3 432 192	3 432 192	0	3 432 192

1. Per 31.08.16 er det betalt kr 417 564 i stønad til livsopphold til flyktingar. Disse pengene vil bli refundert av introfondet.
2. Ikkje aktuelt
3. Ikkje aktuelt
4. Ikkje aktuelt

60 Plan, utvikling og samfunn

		Regnskap	Periodebudsjett inkl. endring	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Prognose	Endra prognose	Ny prognose
60	Plan og utvikling	2 440 465	3 286 853	-846 389	3 708 585	3 708 585	0	3 708 585

1. På sjølvkostområda (oppmåling og byggsak) er det mindre inntekter enn budsjettert pr 31.08.16. Elles er forbruket i rute, innfor budsjett.
2. På sjølvkostområdet ligg vi no på ca 45% av budsjetterte inntekter. Det er lite truleg med så stor aktivitetsauke resten av året at vi når heile inntektsmålet. Svikten i inntekter kan kome opp i kr 350000,-.
3. Vi får inntekter frå ferdigstilling av eitt bustadfelt i haust som gir inntekter på sjølvkostområdet. Prognosen for inntekter resten av året er innarbeid i punkt 2 ovanfor.
4. Næringsretta tiltak (kjøp av ekstra ferjeavgangar) viser eit mindreforbruk på ca kr 830.000,- Kr 500.000,- av desse skuldast ei ekstrinnbetaling knytt til manglande fakturering tidligare år frå Aukra næringsforum. Uansett skal ikkje mindreforbruket her få verknad for årsresultatet.

62 Teknikk, eigedom og brann

		Regnskap	Periodebudsjett inkl. endring	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Prognose	Endra prognose	Ny prognose
62	Teknikk, eigedom og brann	11 310 492	12 614 031	-1 303 539	21 895 310	21 895 310	0	21 895 310

1. Har ikkje fått inn faktura for kantslått veg og asfaltering. Berekna forbruk kantslått 250.000,-, berekna forbruk asfaltering ca. 370.000,-. Kvalitet på budsjett skal bli betre med tanke på å få faste inntekt/utgifter inn på rett periode. Noko av mindreforbruket skuldast roligere aktivitet på driftsida i sommar, dette vil ta seg opp igjen til hausten

2. Innan egedomsavdelinga, så vart det gjort støymålingar av Molde Bedriftshelseteneste i barnehagen på Riksfjord. Målingane var over grenseverdien i deler av bygget. Utbedra ved å montere akustikkplater i dei romma som hadde for høge verdiar. Kostnad: Kr. 189.200,-.

3. Vi har kostnadfokus på dette

4. Noko av mindreforbruket skuldast roligere aktivitet på driftsida i sommar, dette vil ta seg opp igjen til hausten.

Investeringar

Tiltak nr.	Store tiltak (i 1000 kr)	Meir-/					Rekneskap tidlegare år	Vedteken kostnadsramme
		Rekneskap pr 31.08.2016	Opprinneleg budsjett 2016	Budsjett m/ endring 2016	mindreforbr. Pr 31.08.2016	Prognose 31.12.2016		
201000	Riksfjord skole - utgreiing og hovudutbygging	443	-	657	-214	657		
210200	Julsundet skole og fleirbrukshus	2 164	25 000	25 000	-22 836	10 000	16 356	126 000
210201	Julsundet skole - midlertidig løysing	2 512	2 900	2 929	-417	4 529	466	-
257000	Kulturhus og basseng	-	-	500	-500	500	-	-
303201	Tilrettelagt bustad Bergtun	**	11	100	-89	100	-	-
309200	Aukra omsorgssenter	7 724	20 000	20 000	-12 276	17 000	8 888	252 500
313000	Julsundet omsorgsbaser	20	1 500	1 500	-1 480	1 500	64	-
616101	Torhaugmyra aust bustadfelt	287	7 000	7 318	-7 031	7 318	460	15 500
620100	Energisentral, trinn II inkl. utgreiing kunstisbane	782	14 200	14 200	-13 418	14 200	1 659	15 200
645201	Sentrumsområde Julsundet, avkjøring	21	500	500	-479	500	277	-
648010	Vatn - utskifting av asbestrør	195	1 000	1 000	-805	1 000	2 086	-
651001	Vassleidning Hollingsholmen Julsundet skole	*	203	5 500	6 333	6 333	247	-
669001	Utleigebustader i Julsundet	***	27	3 000	3 000	-2 973	3 000	11
679103	G/S-veg Solem - avkj. Rødabukta		6 439	5 000	7 245	-806	7 245	2 817
TOTALT			20 829	85 700	90 282	-69 453	73 882	

Tiltak nr.	Små tiltak (i 1000 kr)	Meir-/					Rekneskap tidlegare år	Vedteken kostnadsramme
		Rekneskap pr 31.08.2016	Opprinneleg budsjett 2016	Budsjett m/ endring 2016	mindreforbr. Pr 31.08.2016	Prognose 31.12.2016		
104002	Investering ROR-IKT	926	895	895	31	895	2 473	-
210300	Utviding parkering	11	-	60	-49	60	-	-
220013	Utbygging 4. avdeling Furutun	136	-	218	-82	218	-	-
220019	Uteområde Furutun	-	-	100	-100	100	-	-
235000	Utb. Bergetippen barnehage inkl. planlegging	-	-	63	-63	63	-	-
255000	Kommunal eigendel spelemidlar	-	300	300	-300	300	596	-
293000	Turstar - Helseløype	-	-	1 000	-1 000	1 000	-	-
300013	Velferdsteknologi - institusjonstenesta	-	-	200	-200	200	-	-
320000	Bilar heimetenesta	380	400	400	-20	400	-	-
320001	IKT velferdsteknologi heimetenesta	-	250	450	-450	450	-	-
601100	Breiband	21	500	500	-479	500	13 193	-
601115	Oppmålingsutstyr	392	-	-	392	-	-	-
601205	Aukraskogen, grunnkjøp	-24	-	-	-24	-	-	-
627108	Traktor	-	800	1 025	-1 025	1 025	-	-
629001	Sal av bygg gbnr 1/1 (ASAS)	96	-	-	96	-	460	-
645501	Opparbeiding industriområde Nyland Aust	11	-	217	-206	217	-	-
648000	Distribusjon av vatn - nødvendig nyanlegg	560	560	560	0	560	3 345	-
648107	Brannvassforsyning Vassdalen	-	650	650	-650	650	-	-
648500	Avløp, generelle investeringar	55	340	340	-285	340	2 583	-
669000	Administrasjon utbyggingsavdeling	224	-	-	224	-	143	-
669003	Nettbrett politiske ombod i Aukra kommune	140	200	200	-60	200	-	-
669004	Utbetring av veggskade på Furutun	-	1 700	1 700	-1 700	1 700	-	-
669005	Tenestebil oppmåling	128	190	190	-62	190	128	-
669006	Minigravemaskin	-	150	210	-210	210	-	-
669007	Gatelys Aukratun - Korsvika	648	650	650	-2	650	16	-
669008	Rehabilitering 3-mannsbustaden ved Aukraheimen	292	500	500	-208	500	291	-
669009	Leiligheter Nautnesvegen 96	55	626	626	-571	626	25	-
684000	Busskur	-	600	600	-600	600	817	-
690008	Gatelys Eidskremfeltet	597	600	600	-3	600	368	-
	Andre	-	-	-	-	-	-	-
TOTALT		4 648	9 911	12 254	-7 606	12 254		

Kommentarar til dei enkelte prosjekta er gjevne av utbyggingsavdelinga og einingsleiarane og følgjer nedanfor:

201000 Riksfjord skole - utgreiing og hovudutbygging

Det er gjennomført arbeid utomhus. Resterande arbeid er kjøp av utemøblar og bygging av leikehytte.

210200 Julsundet skole og fleirbrukshus

Ny periodisering grunna forseinka oppstart av nybygg.

210201 Julsundet skole - midlertidig løysing

Heile løyvinga vert disponert i 2016. Når økonomiplana for 2016-2019 vart vedtatt, var plana å leige midlertidige undervisningslokaler i byggeperioda. Det vart istaden valt ei løysing med paviljongar på skuleplassen og desse vart flytta og monterte i 2016. Noko av uteområdet ved paviljongog starte opp i 2016.

257000 Kulturhus og basseng

Det vert i haust arbeidd med ei oppdatering av eksisterande materiell og alternative løysingar.

303201 Tilrettelagt bustad Bergtun

Det vert meldt oppstart av regulering av heile området kring Bergtun og dei to til-iggande eigedommane. Planlegging av byggeprosjektet har starta.

309200 Aukra omsorgssenter

Byggestart er planlagt i starten av desember. Ny periodisering av løyvinga etter at det er utarbeidd meir detaljert framdriftsplan.

313000 Julsundet omsorgsbaser, planlegging

Tomt vert kjøpt inn i 2016. Utarbeiding av romprogram og førebuing av anbudsgrunnlag pågår.

616101 Torhaugmyra aust bustadfelt

Utbygging vert lyst ut på anbod og kontakt vert signert i 2016. Bygging av feltet er utsett til 2017. Bakgrunn for dette er avklaringar kring internsjonsavtalen med privat utbyggar.

620100 Energisentral, trinn 2

Kontrakt er skriven og arbeidet skal etter plana ferdigstillast i 2016. Oppstart er nok forseinka pga klage på tildeling.

645201 Sentrumsområde Julsundet, avkøyring

"Statens Vegvesen har ikkje prioritert midlar til dette og da må utbygginga finansierast av utbyggingsprosjekt i kommunal eller privat regi. Det er usikkert om det har nokon hensikt å utarbeide reguleringsplan for ei løysing som det ikkje er midlar til å gjennomføre innfor planperioden.

Framdrifta går ikkje som planlagt da vi må avvente utarbeiding av reguleringsplan til vi har utsikt til midlar som kan dekkje ei slik stor utbygging."

648010 Vatn - utskifting av asbestøyr

Er disponert på strekninga Rød-Løvik.

651001 Vassleidning Hollingsholm - Julsundet sentrum (til Hollingen-krysset)

Arbeidet pågår og vert ferdigstilt i 2016.

669001 Utleigebustader i Julsundet

Tomt vert kjøpt inn i 2016. Utarbeiding av romprogram og førebuing av anbudsgrunnlag pågår.

679103 Gang- og sykkelveg Solem - avkj.Røabukta

Prosjektet vert ferdigstilt i haust og sluttoppgjer gjennomført.

210300 Utviding av parkering

"Leige av grunn til midlertidig parkering i byggeperioden.

Opparbeidd midlertidig plass ved gamleskolen som skal leigast til utbygginga av skulen er ferdig. Etter dette skal plassen fjernast."

220013 Utbygging 4. avdeling Furutun

Det er bygd eit gjerde kring leikeområdet mot aust og sett opp informasjonsskilt.

220019 Uteområde Furutun

Prosjekt vert gjennomført innanfor ramme

235000 Utb. Bergetippen barnehage inkl. planlegging

Prosjektet er ferdigstilt.

293000 Turstiar - Helseløype

Prosjektet skal ut på anbud i september og vert iverksett hausten 2016.

300013 Velferdsteknologi - institusjonstenesta

320000 Bilar heimetenesta

Kjøpet er gjennomført

320001 IKT velferdsteknologi heimetenesta

601100 Breiband

Løyvinga vert nytta på strekninga Solem-Rød og Hukkelberg-Korsvika.

601115 Oppmålingsutstyr

Investeringa er i rute, vil bli fullført innan utgang av 1. halvår.

601205 Aukraskogen, grunnkjøp

Vi har motteke tilbakebetaling av tinglysningsgebyr i samband med grunnkjøp.

627108 Traktor

Konkurransen er lyst ut på Doffin

629001 Sal av bygg gbnr 1/1 (ASAS)

645501 Opparbeiding industriområde Nyland Aust

Tilrettelegging for eventuelle leigetakarar eller tomtekjøparar.

648000 Vatn generelle investeringer

Løyvinga er disponert på strekninga Aukrasanden - Tangen

648107 Brannvassforsyning Vassdalen

Er påbegynt

648500 Avløp generelle investeringer

Tilpassingar til eksisterande anlegg.

669004 Utbetring av veggskade på Furutun

Prosjektet vert lyst ut før sommaren.

669005 Tenestebil oppmåling

Kjøpet er gjennomført.

669006 Minigravemaskin

Kjøp er iverksett.

669007 Gatelys Aukratun - Korsvika

"Prosjektet har vore ute på anbod og foreløpig kalkyle for kostnadar etter fordeling mellom gatelys og fiber er på 737.575,-. Dette gir eit berekna meirforbruk på 87.575,-.

Oppstart for prosjekt er sett til 25.05.16. Planlagt avslutning rundt uke 25."

669008 Rehabilitering 3-mannsbustaden ved Aukraheimen

Rehab. av leilighet – prosjektet er i slutfasen.

669009 Leiligheter Nautnesvegen 96

Leilighet Nautnesvegen 96 – er avtalt med 3S-prosjekt at dei søker om byggeløyve for oss, med dei disponibla som er nødvendig for prosjektet.

684000 Busstur

"Prosjekt 684000 Busslommer og busstur, budsjett 600.000,-:

Prosjekt under regulering. Anbudsrunder vil bli gjennomført når reguleringsplan er godkjent."

690008 Gatelys Eidskrem

"Prosjekt 690008 gatelys Eidskrem, budsjett 600.000,-:

Pris på anbod elektro og lysarmatur 293.200,-. Mindreforbruk i forhold til anbod på 306.720,-.

Prosjekt skal være ferdig og vi ventar på faktura frå elektro entreprenør."

INVESTERINGSBUDSJETT 2016 - budsjettskjema 2A og B

Tala er i heile 1000 kr	Rekneskap	Budsjett (korr)	Budsjett (oppr)	Budsjett (korr)	Rekneskap
Investeringar i anleggsmidlar	31.08.2016	2016	2016	2015	2015
10 Sentrale styringsorgan	1 066	1 095	1 095	1 217	1 041
20 Gossen barne- og ungdomsskole	443	657	-	2 910	2 284
21 Julsundet skole	4 687	27 989	27 900	12 105	6 393
22 Barnebo barnehage	136	2 018	1 700	2 000	1 852
23 Bergetippen barnehage	-	63	-	435	493
25 Kultur	-	1 800	300	1 300	153
30 Institusjonstenester	7 782	24 800	24 600	8 200	5 835
32 Heimetenester	380	850	650	200	53
40 Helse	-	-	-	-	-
50 NAV	-	-	-	-	-
60 Plan, utvikling og samfunn	496	190	190	1 450	1 476
62/65 Teknikk, eigedom og brann	10 487	43 074	39 176	31 214	45 868
Sum anleggsmidlar	25 479	102 536	95 611	61 031	65 449
Kjøp av aksjer og andeler	-	710	710	660	646
Utlån og forskotteringar	1 740	1 000	1 000	4 000	1 311
Avdrag på lån	2 018	535	535	535	1 236
Avsetningar	-	-	-	-	1 632
Årets finansieringsbehov	29 237	104 781	97 856	66 226	70 274
Finansiert slik:					
Bruk av lånemidlar	-1 740	-71 000	-71 000	-4 000	-1 311
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	-434	-285	-	-4 150	-6 749
Tilskot til investeringa	-	-	-	-900	-3 130
Mva-kompensasjon	-3 219	-17 452	-17 452	-6 941	-8 174
Mottekne avdrag på utlån og refusj.	-731	-1 435	-1 435	-535	-1 142
Andre inntekter	-416	-	-	-	-
Sum ekstern finansiering	-6 540	-90 172	-89 887	-16 526	-20 505
Overført frå drift	-	-	-	-	-
Bruk av avsetningar	-	-14 609	-7 969	-49 700	-49 769
Sum finansiering	-6 540	-104 781	-97 856	-66 226	-70 274
Udekket/udisponert	22 697	-	-	-	-

Administrative konsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Sjå sak om budsjettkorrigering pr. 30.4.2016

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

Erna Varhaugvik
Økonomisjef



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 34/16	Kontrollutvalet	21.11.2016

GANG OG SYKKELVEG FALKHYTTEN-HORREM-SOLEM. SLUTTREKNESKAP

Sekretariatet sitt framlegg til fråsegn

Kontrollutvalet har i møte 21.11.2016 i sak 34/16 handsama sluttrekneskap for prosjekt 979101 **Gang og sykkelveg Falkhytten-Horrem-Solem.**

Grunnlaget for handsaminga har vore sluttrapporten samt revisor sin uttale, datert 10.11.2016.

Det var i K-sak 38/13 godkjent ramme for Gang og sykkelveg Falkhytten-Horrem-Solem på kr 30 700 000.-. På bakgrunn av omlegging av vegkurva vart det i K-sak 23/14 godkjent ny ramme/tillegg til tidlegare prosjekt til **kr 32 800 000,-**. Utbygginga omfatta gang- sykkelveg, hovudvassleidning på deler av strekningen ca 3000 meter, veglys ca 600 meter og avløsanlegg m.m. Sluttrekneskapen for prosjektet viser ein kostnad på **kr 37 970 183,-**. Dette gir eit meirforbruk på prosjektet på kr 5 170 183.- eller 13,7 % over justert ramme.

Prosjektet er finansiert gjennom investeringsbudsjettet.

Etter pkt. 15 i Aukra kommune sitt Reglement for investeringsprosjekt, skal sluttrekneskap leggest fram for politisk handsaming innan 1 år etter overtakingsforretning, eller overføring av ansvar og risiko. Kontrollutvalet ser ikkje at det i sluttrapporten frå prosjektleiari er opplyst om dato for overtakingsforretning. Revisor skriv i sin uttale at investeringsprosjektet er avslutta pr. 31.12.2015. Kontrollutvalet går difor ut frå at reglementet på dette punktet er følgt.

Det bør i framtidige prosjekt gjerast eit grundigare arbeid med anbudsokumentet, slik at ein unngår meirforbruk som følgje av mangelfulle anbudsstestar, slik ein gjer i dette prosjektet.

Ut over dette, og det som kjem fram av sluttrekneskapen og revisor sin uttale, har ikkje kontrollutvalet noko merknader til sluttrekneskapen for Gang sykkelveg Falkhytten-Horrem-Solem.

Bakgrunn for saka

Med heimel i Kommunelova si § 77 nr 1 og Forskrift om kontrollutval, kap. 3 og 4 gjev kontrollutvalet i Aukra si fråsegn til sluttrekneskapen for Gang og sykkelveg Falkhytten-Horrem-Solem.

Som vedlegg til saka følgjer:

- Notat til revisjonen – sluttrapport prosjekt 679101 Falkhytten-Solem, datert 15.7.2016
- Oversikt over anbudsokument og projektkostnader
- Revisjonsuttale – sluttrekneskap, datert 10.11.2016

VURDERING

Sluttrekneskap for utbygging av Gang sykkelveg Falkhytten-Horrem-Solem er no framlagt.

Arbeidet med prosjektet vart i hovudsak utført i 2014 og det kan sjå ut som sjølve arbeidet var ferdig i juni 2015.

Oppdraget vart utlyst på DOFFIN. Plan Vest AS fekk oppdraget med prosjektering og byggeoppdraget fekk Odd Småge AS.

Etter pkt. 15 i Aukra kommune sitt Reglement for investeringsprosjekt, skal sluttrekneskap leggest fram for politisk handsaming innan 1 år etter overtakingsforretning, eller overføring av ansvar og risiko. Kontrollutvalet ser ikkje at det i sluttrapporten frå prosjektleiar er opplyst om dato for overtakingsforretning. Revisor skriv i sin uttale at investeringsprosjektet er avslutta pr. 31.12.2015. Sekretariatet går difor ut frå at reglementet på dette punkt er følgt, men oppmodar administrasjonen om å ta med dette i framtidige sluttrapportar.

Sluttrapporten forklarar meirforbruket i prosjektet med at det var meir ut-trauing av massar og meir tilkjøring av massar enn estimert. Avviket gav ein tilleggskostnad på om lag 1,8 mill. kroner. Det står i rapporten en dette avviket er vanskeleg eller ulønsamt å måle/sjå tidleg nok, og slike avvik er ikkje uvanlege i prosjekt med mykje grunnarbeid. Det største avviket på om lag 2,8 mill. kroner skriv prosjektleiar at var kostander som følgje av arbeid som ikkje var prosjekterte/medteke i anbudsgrunnlaget. Det står i teksten at det hovudsakleg skuldast mangelfulle anbudstekstar. I tillegg kom det krav undervegs frå ekstern myndighet og nettselskap på kr 563 000,-, som det står i rapporten at vanskeleg kunne identifiserast på førehand.

Det er uheldig at det vert nesten 3 mill. kroner i meirforbruk som skuldast mangelfulle anbudstekstar. Det kan også stillast spørsmål om den største enkeltposten som mangla i anbudsteksten, planering og tilsåing av grøntareal utanfor veg, på ca. 1,39 mill. kroner skulle vore lyst ut som eit nytt anbud sidan beløpet er så stort. Men det er litt utklart kva som meinast med denne enkeltposten fordi det i anbudsdokumenta som ligg ved, kan sjå ut til at grøntareal og skråningar er tatt med i tilboda. Det er naudsynt at det for framtida vert gjort eit grundigare arbeid i anbudsprosessen.

Rekneskapsrevisor har kontrollert at kostnader som er ført i sluttrekneskapen for Gang og sykkelveg Falkhytten-Horrem-Solem gjeld det aktuelle prosjektet og at kostnandane er i samsvar med rekneskapstala som er presentert i saksframlegget. Det vart kontrollert at beskriving av prosjektet si framdrift samsvarar med vedtak og budsjettføresetnader. Revisor har òg kontrollert at det var gjort kunngjering av konkurransen i Doffin for prosjektet. Revisjonen sitt arbeid avdekka ingen vesentlege feil eller manglar.

Grunnlaget for behandling av saka vil være revisor sin uttale og sluttrekneskapen for prosjektet.

Jane Anita Aspen
daglig leder



Notat

Vår ref.:
2014/72-50/Q20

Dykkar ref.:

Saksbehandlar:
Gerd Nerbø

Dato:
15.07.2016

Til:

Notat til revisjonen - sluttrapport prosjekt 679101 Gang og sykkelveg Falkhytten-Solem

Om oppdraget:

Aukra kommune har bygd gang- og sykkelveg som vist i godkjent reguleringsplan «Gang og sykkelveg Falkhytten/ Solem». Utbygginga omfatta gang- og sykkelveg, hovudvassleidning på deler av strekninga ca. 3000 meter, veglys ca. 600 meter og avløpsanlegg m.m.

Løyving og evt. korrigert løyving:

Prosjekt 679101 g/s - veg Falkhytten – Horrem – Rød hadde i økonomiplan ei samla investeringsramme på 25,7 mill.kr. Det var i investeringsbudsjettet for 2013 avsett 15,7 mill.kr, og resten av ramma var sett opp i økonomiplanen for 2014 med 10,5 mill.kr. I behandlinga av budsjettet for 2012, blei det vedteke å utvide prosjekt 679101 Falkhytten – Horrem –Solem fram til Rød.

Kalkyle for prosjektet Falkhytten – Horrem –Solem på idè nivå hausten 2012 var på 25.7 mill.kr. inkl.mva. Oppdatert kalkyle etter detaljprosjektering vart på 30.7 mill.kr. eks.mva.

Det vart meldt oppstart i k-sak 38/13, 13/6-2013:

1. Kommunestyret godkjenner bygging av gang og sykkelveg Falkhytten –Solem innafor ei ramme for prosjekt 679101 på kr. 30.700.000,- som fordeler seg på kr. 15.700.000,- i 2013 og kr. 15.000.000,- i 2014.
2. Prosjekt nr. 648010 «utskifting av asbestrøyr» vert redusert med inntil 3 mill.kr. for for å dekkje meirkostnad med utskifting i gang-og sykkelvegtraseèn.
3. Kommunestyret ber om at økonomisk ramme i økonomiplanen for 2014 på 10 mill.kr, blir korrignet i investeringsbudsjettet for 2014 i samsvar med samla ramme pkt.1.
4. Kommunestyret ber om at økonomisk ramme for av utbygging av strekninga vidare fram til krysset med kommunevegen til Løvika, samla ca 1000 meter, blir teke med i investeringsbudsjettet for 2014.

Kommunestyresak nr.24/13 om endra ramme vart fremja etter anbod og omlegging av vegkurva over Horrem:

1. I samband med bygging av gang- og sykkelvegen Falkhytten/Horrem/rød, vedtek kommunestyret utbygging etter alternativ 2 for omlegging av vegkurva på Horrem.
2. Kommunestyret godkjenner endring av rammekostnad for prosjekt 679101, bygging av gang og sykkelveg Falkhytten -Horrem - Rød frå kr. 30.700.000,- til ny ramme 32.800.000,-.

Utbyggingsprosjektet

Prosjektet er gjennomført og styrt av Utbyggingsavdelinga med fyljande nøkkelpersonar:
 Prosjektansvarlig: Terje Urdhals
 Prosjektleder: Peder Småge

Konkurranse på prosjektering vart lyst ut på DOFFIN og fire leverte tilbod. Plan Vest AS fekk oppdraget med eit tilbod på kr 801.420,- eks. mva.

Byggeoppdraget vart lyst ut på DOFFIN 29/9-2013 og to firma leverte tilbod. Odd Småge AS fekk oppdraget med eit tilbod på kr. 21.790.595,- eks. mva.

I tillegg kjem følgjande kostnader:

Interne adm.utgifter	kr. 521.413,-
Konsulent-innleige	kr. 1.044.635,-
Grunnerverv	kr. 811.139,-
Gebyr og avgifter	kr. 52.529,-
<u>Mva</u>	<u>kr. 5.395.700,-</u>
	Kr. 7.825.416,-

Anlegget vart tatt over av Aukra kommune med ein sluttsum på kr. 37.970.183,- inkl. mva, om lag kr. 5.170.183,- over justert ramme (13,7 %).

Informasjon om denne situasjonen var gitt i kommunestyremøte 2.februar 2016.

Aukra kommune mottok eit tilskot frå Statens Vegvesen på kr.900.000,- .

Evaluering/gjennomføring

Ei førebles vurdering er at overskridingane referer i hovudsak til tre område:

1. Avvik mellom teoretisk faste massar og målte massar etter oppmåling ga ein tilleggskostnad på om lag 1,8 mill.kr. Det vil seie meir ut-trauing av massar enn estimert og motsvarande meir tilkøyning av massar. Slike avvik mellom prosjekterte massar og oppmålte massar kjem først fram etter at oppmåling av profil etter trauing vert halde opp mot planlagt vegprofil og vektkontrollar m.m.
 Dette avviket er det vanskeleg eller ulønsamt å måle/sjå tidleg nok, og slike avvik er ikkje uvaneleg i prosjekt med mykje grunnarbeid.

2. Kostnader som følgje av arbeid som ikkje var prosjekterte/medteke i anbodsgrunnlaget, utgjør om lag 2,8 mill.kr. Hovudsakleg skuldast dette mangelfulle anbodstekstar. Største enkeltpost som mangla i anbudsteksten var planering og tilsåing av grøntareal utanfor veg. (Ca 1,39 mill.kr) Desse avvika burde vore mykje mindre om prosjektering og anbodsdokument hadde vore betre.
3. Krav undervegs frå ekstern myndighet og nettselskap på kr. 563. 000,-. Dette avviket kunne vanskeleg identifiserast på førehand.

Anleggsprosjekt med stor del grunnarbeid er generelt utfordrande å berekne godt nok på førehand.

Gerd Nerbø
Prosjektleder

Aukra kommune

6480 Aukra

Dato 30.10.2013

**Anbud opparbeiding av GS-veg og nytt VA-system for strekninga fv 216
Falkhytten- Solem-Rød.**

Ved anbudsåpning mandag 28.10.2013 kl. 13,00 var det komen inn 2stk. anbud

- 1 Aukra Maskin DA
- 2 Odd Småge Maskinentreprenør AS,

1 Aukra Maskin DA sitt anbud var på eks MVA	31274777
MVA	7818694
sum Inkl MVA	39093471

Gjennomføringstid 52 arbeidsveker etter oppstart. Tid for oppstart ikkje oppgitt.


2 Odd Småge Maskinentreprenør AS sitt anbud var på eks MVA	21790595
MVA	5447649
Sum inkl MVA	27238244

Gjennomføringstid 75 arbeidsveker. Oppstart 2 veker etter bestilling.

Ved gjennomgang av anbuda har vi ikkje oppdaga feil som verkar inn på sluttsummen . Ved å samanlikna Anbudsskjema ser ein at det er store forskjeller i pris på Grunnarbeider, både på Veg og VA anlegg. Ut frå ein heilheitsvurdering og vektlegging på at prisen skal telja 80% og gjennomføringstid 20 % vil Odd Småge Maskinentreprenør AS koma vesentlig sterkare ut enn Aukra Maskin DA . Vedlagt utrekning etter vektleggings prosentane.

Vi vil råd til at det vert skrive anbudskontrakt med Odd Småge Maskinentreprenør AS for dette prosjektet.

Med beste helsing



Vedlegg: anbudskjema beregning korstnad og gjennomføringstid

Anbudsskjema Aukra Maskin DA

Undertegnede entreprenør tilbyr Aukra kommune utføre "Tekniske anlegg for gs-veg Falkhytten – Solem - Rød langs fv.216" for følgende priser, i samsvar med anbudets tegninger og beskrivelse :

1.0	Rigging og drift	kr.	<u>1060000</u>
2.0a	Grunnarbeider	Veg	kr. <u>5436050</u>
2.0a	Grunnarbeider	VA	kr. <u>6054305</u>
3.0	Veg	kr.	<u>7382800</u>
4.0	VA	kr.	<u>6639222</u>
5.0	Veglys	kr.	<u>3027800</u>
6.0	<u>Grøntarealer og skråninger</u>	kr.	<u>1674900</u>
Sum eks. mva.:		kr.	<u>31274777</u>
+ 25 % mva.		kr.	<u>7818694</u>
<u>Sum inkl. mva</u>		kr.	<u>39093471</u>

Arbeidene kan starte _____ arbeidsuker etter bestilling.

Alle arbeider kan være ferdig 52 arbeidsuker etter oppstart.

Påslag på underentreprenører 3 %

Påslag på materialer 3 %

Sentral godkjenning i fagområde KLASSE 2 BYGG OG ANLEGG

Det er innlevert 14 skriftlige vedlegg.

Følgende underentreprenører vil bli benyttet :

Anbudsskjema (Odd Smiige Maskinentreprenør AS)

Undertegnede entreprenør tilbyr Aukra kommune utføre "Tekniske anlegg for gs-veg Falkhytten – Solem - Rød langs fv.216" for følgende priser, i samsvar med anbudets tegninger og beskrivelse :

1.0	Rigging og drift		kr. 850 000,-
2.0a	Grunnarbeider	Veg	kr. 2 956 000,-
2.0a	Grunnarbeider	VA	kr. 3 095 725,-
3.0	Veg		kr. 6 185 000,-
4.0	VA		kr. 5 568 070,-
5.0	Veglys		kr. 1 648 800,-
6.0	Grøntarealer og skråninger		kr. 1 487 000,-
Sum eks. mva.:			kr. 21 790 595,-
+ 25 % mva.			kr. 5 447 648,75

Sum inkl. mva kr. 27 238 243,75

Arbeidene kan starte 2 arbeidsuker etter bestilling.

Alle arbeider kan være ferdig 75 arbeidsuker etter oppstart.

Påslag på underentreprenører 15 %

Påslag på materialer 20 %

Sentral godkjenning i fagområde Se vedlagt kopi

Det er innlevert 21 skriftlige vedlegg.

Følgende underentreprenører vil bli benyttet :

	Aukra Maskin	Smoge entreprenør	
Anbodsum	312174777	21790595	
gjennomføringstid	52	74	
Gjennomsnitt anbudsum			26,5 mill
gjennomsnitt gjennomføring			63 veker
Vektlegging anbudsum			0,8
vektlegging gjennomføring			0,2
Relativ vekta anleggsum Smoge entr.		$(21,8/26,5)*0,8$	0,66
relativ vekta gjennomføring		$(74/63)*0,2$	0,23
Sum vektal Smoge entr.			0,89
Aukra Masin As	$(31,3/26,5)*0,8$		0,95
gjennomføringstid	$(52/63)*0,2$		0,16
sum vektal Aukra Maskin			1,11
Relativt Anbud Smoge entrp.	$21,8*0,89$		19,4 mill
Relativt Anbud Aukra maskin	$31,3*1,11$		34,7 mill



Aukra kommune
Teknikk, eigeidom og brann

Almena Consulting Engineering
Fellsmuli 26 108 Reykjavik
108 Reykjavik, Island

Vår ref
2012/644-3/Q20

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Peder Småge

Dato
01.11.2012

Svar angående tilbod på prosjektering gangveg Falkhytten / Solem

Aukra kommune takker for deres tilbod på prosjektering av gangveg Falkhytten- Solem. Anbudskonkurransen ble arrangert som open anbodekonkurranse. Det var 4 konsulentfirmaer som leverte anbod.

1. Almena Consulting Røykjavik Island
2. EQC Grup Borlange Sverige
3. Plan Vest avd. Stord
4. Norconsult, Grandfjæra 24 Molde.

Anskafelsen ble gjennomført i hen hald til lov om offentlig anskafelse av 16 juli 1999 og forskrift om offentlig anskafelse av 7. april 2006.

Anbudsåpning den 24.10.2012 viste følgende resultat.

1. Almena Consulting kr. 1.569.500,- eks. mva
2. EQC Group kr. 1.280.000,- eks. mva
3. Plan Vest kr. 801.420,- eks. mva
4. Norconsult kr. 804.650,- eks mva

Vi har evaluert tilbodene i hen hald til kriteriene fastsatt i konkurransegrunnlaget.

På bakgrunn av de kriterier som var satt opp har Plan Vest A/S det gunstigaste tilbodet og Aukra kommune har vedtatt at Plan Vest A/S skal innkallas for slutføring av kontrakten.

Klagefrist setes til 12.11.2012. Eventuell klage må være mottatt av Aukra kommune innan fristen.

Med helsing

Peder Småge
Prosjektmedarbeidar

Postadresse
Aukraringen 25
6480 Aukra
E-post: post@aukra.kommune.no

Besøksadresse
Aukraringen 25
Org.nr. 964 981 337
www.aukra.kommune.no

Telefon
71 17 15 00
Telefaks
71 17 15 01

Bank
9650.26.60192
Bankkto. skatt
6345 06 15473

Mandag 28.10.2013.

Anbudsopning kl. 13.00

Opparbeiding av gang Sykkelveg samt NYH V.A. System
Strekning F.v. 216 Falkhytten - Solem - Rød.

Tilstades: frå plan-Vest Terje Vikstrand. Inge Hystad.

Inkomne anbud. 2 stk.

1. Aukra Maskin DA Sum eks MVA 31274777

MVA 7818694

Sum inkl. MVA 39093471

Gjennomføringstid. lår 52 arbeidsveker etter oppstart

2. Odd Småge Maskinentreprenør A/s 21790595

MVA 5447649

Sum inkl. MVA 27238244

oppstart 2 veker etter bestilling

Gjennomføringstid 75 veker

Inge Hystad
Terje Vikstrand.

	Regnskap 2 012	Regnskap 2 013	Regnskap 2 014	Regnskap 2 015	SUM	Ramme	
Prosjekt: 679101 Gang- og sykkelveg Falkhytten - Horrem - Solem							
100 Løn i faste stillingar	51 259	82 752	126 494	143 703	404 208		
106 Senortillegg	871	-	1 697	1 309	3 877		
508 Telefongodtgjersel				597	597		
900 Pensjonskostnader	8 598	13 654	28 416	-21 382	29 286		
906 Ulykkesforsikring investering	-	-	823		823		
990 Arbeidsgjevaravg.	8 199	13 593	22 508	17 039	61 339		
1000 Kontormateriell	-	-	590	88	678		
1151 Mat/bevorting tilsette/politikarar/gjestar	-	-	34	102	136		
1200 Andre varer og tenester	-	-	453	624	1 077		
1302 Telefon	-	-	852	224	1 076		
1400 Annonse				375	375		
1500 KURS, OPPLÆRING	-	-	1 499	3 565	5 064		
1600 Kostgodtgjersle	-	-	175	481	656		
1601 Bilgodtgjering	-	-	582	1 704	2 286		
Honorar oppgavepliktig				199	199		
1700 Transport	-	-	239	323	562		
1701 Drift egne transportmidler	-	-	996	1 167	2 163		
1702 Ikkje innberetn.pl.reiseutgifter	-	-	1 426	1 011	2 437		516 839
1950 Gebyr	-	-	11 656	668	12 324		
1951				475	475		
1954 Oppmålings-/tinglysingsgebyr	-	-	-	18 664	18 664		31 463
2000 Inventar og utstyr	-	-	2 513	477	2 990		
2001 Programvare/maskinvare	-	-	348	-	348		
2008				67	67		
2100 Leige/leasing av transportmidlar	-	-	650	519	1 169		4 574
2301 Nybygg	570 225	474 860	12 230 285	16 249 905	29 525 275		521 413
2501 Materialer nybygg	520 743	61 349	18 848	18 552	619 492		30 144 767
2700 Konsulentteneste	41 863	863 462	139 310	-	1 044 635		
2800 Grunnerverv	-	420 280	-	390 859	811 139		
2802 Delingsgebyr	-	-	-	21 000	21 000		
4290 Mva. generell kompensasjonsordning	150 524	298 341	2 445 415	2 501 420	5 395 700		
5001 Forseinkingsrenter	-	-	64	2	66		52 529
SUM UTGIFTER	1 352 282	2 228 291	15 035 873	19 353 737	37 970 183	32 800 000	-5 170 183
7290				-28	-28		
8100 Tilskot frå staten	-	-	-900 000	-	-900 000		
9400 Bruk av disposisjonsfond	-	-58 869	-	-	-58 869		
17280 Ref. mva-komp investering	-150 524	-298 341	-	-	-448 865		
19400 Bruk av disposisjonsfond	-	-	-	-45 000	-45 000		
SUM INNTEKTER	-150 524	-357 210	-900 000	-45 028	-1 452 762		
Sum prosjekt: 679101 Gang- og sykkelveg Falkhytten - Horrem - Solem	1 201 758	1 871 081	14 135 873	19 308 709	36 517 421		
Opprinnelig budsjett	1 000 000	15 700 000	25 000 000	9 100 000			
Rebudsjettering frå førre år			3 856 000	3 820 000			
Budsjettkorrigerering		-9 700 000	-10 000 000				
Sum	1 000 000	6 000 000	18 856 000	12 920 000			19 353 737
Diff	-352 282	3 771 709	3 820 127	-6 433 737			

Merkad i rapportering 2.tertial 2014:

Framdrifta går som planlagt, ferdig veke 26 2015. Mangler budsjettvedtak på 2,1 mill, jfr k-sak 23/14

Til
Aukra kommune

Deres referanse: Vår referanse: Arkivkode: Sted/dato
June Beøy Fostervold R 22/16 Molde, 10. november 2016

**SLUTTREGNSKAP FOR INVESTERINGSPROSJEKT 679101 – GANG OG SYKKELVEG
FALKHYTTEN- HORREM- SOLEM-AUKRA KOMMUNE – REVISORS UTTALELSE**

Vi har gjennomført de kontrollhandlinger som er avtalt med dere og listet opp nedenfor. Vårt oppdrag er utført i samsvar med ISRS 4400 – Avtalte kontrollhandlinger. Handlingene er utført for å bistå dere i vurderingen av riktigheten av investeringsprosjektet nevnt over som er avsluttet pr 31.12.2015. Prosjektregnskapet viser en kostnad på kr 37 970 183 - (inkludert merverdiavgift).

Vi har kontrollert at:

- Det er foretatt kunngjøring av konkurranse i Doffin for byggeprosjektet
- Beskrivelsen av byggeprosjektets fremdrift samsvarer med vedtak og budsjettforutsetninger
- Kostnader som er bokført på prosjekt 679101 i kommunens regnskapssystem stemmer med regnskapstallene som er presentert i saksframlegget
- Kostnader som er bokført på prosjekt 679101 i kommunens regnskapssystem vedrører det aktuelle prosjekt ved å ta stikkprøver av regnskapsførte opplysninger mot underliggende dokumentasjon


Vedtaket om oppstart ble gjort i kommunestyret 12.12.2013 K-sak 98/13 med en budsjetttramme på kr 25 700 000, denne har senere blitt oppjustert til 32 800 000 i K-sak 23/14. Prosjektet har et merforbruk på kr 5 170 183,-.

Det ble kunngjort 2 konkurranser i Doffin, en på prosjektering og en på byggeoppdraget. På prosjektering leverte 4 tilbud. Plan Vest AS fikk oppdraget. På bygging leverte 2 firma tilbud. Odd Småge AS fikk oppdraget.

Vårt arbeid avdekket ingen vesentlige avvik på regnskap.

Siden de ovenstående kontrollhandlinger verken utgjør revisjon eller begrenset revisjon i samsvar med revisjonsstandardene, gir vi ikke uttrykk for noen sikkerhet for at informasjonen ikke inneholder vesentlige feil. Dersom vi hadde utført tilleggs handlinger eller hadde gjennomført revisjon eller begrenset revisjon i samsvar med revisjonsstandardene, kunne andre forhold ha kommet til vår kunnskap og blitt rapportert til dere.

Vår uttalelse er utelukkende utarbeidet for det formålet som er beskrevet i første avsnitt, og skal ikke brukes til noe annet formål. Uttalelsen er beregnet på Aukra kommune.


June Beøy Fostervold
Revisor



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 35/16	Kontrollutvalet	21.11.2016

TILBYGG BERGTUN, NY BUEINING. SLUTTREKNESKAP

Sekretariatet sitt framlegg til fråsegn

Kontrollutvalet har i møte 21.11.2016 i sak 35/16 handsama sluttrekneskap for prosjekt 303200 **Tilbygg Bergtun, ny bueining.**

Grunnlaget for handsaminga har vore sluttrapporten samt revisor sin uttale, datert 10.11.2016.

Det var i K-sak 21/13 godkjent at ramme for prosjekt 303200 Tilbygg Bergtun, ny bueining, blir auka frå 2,7 mill. kr. til **4,3 mill. kroner** (inkl. mva.). Prosjektet gjeld ny bustad for brukar med særskilte behov. Sluttrekneskapen for prosjektet viser ein kostnad på kr **5 468 165.-**. Dette gir eit meirforbruk på prosjektet på kr 1 168 165.- over justert ramme.

Prosjektet er finansiert gjennom investeringsbudsjettet.

Etter pkt. 15 i Aukra kommune sitt reglement for Investeringsprosjekt, skal sluttrekneskap leggst fram for politisk handsaming innan 1 år etter overtakingsforretning, eller overføring av ansvar og risiko. I sluttrapporten frå prosjektleiar er opplyst at Aukra kommune overtok bygget i mars 2015. Revisor skriv i sin uttale at investeringsprosjektet er avslutta pr. 31.12.2015. Kontrollutvalet går difor ut frå at reglementet på dette punkt er følgt.

Av sluttrapporten kjem det fram at utfordring med sprinkling av bygget var årsaken til meriforbruket

Ut over dette, og det som kjem fram av sluttrekneskapen og revisor sin uttale, har ikkje kontrollutvalet noko merknader til sluttrekneskapen for prosjektet Tilbygg Bergtun, ny bueining.

Som vedlegg til saka følgjer:

- Notat til revisjonen – sluttrapport prosjekt 303200 Tilbygg Bergtun, ny bueining, datert 21.7.2016
- Oversikt over anbudsokument og projektkostnader
- Revisjonsuttale – sluttrekneskap, datert 10.11.2016

VURDERING

Sluttrekneskap for Tilbygg Bergtun, ny bueining er no framlagt.

Arbeidet med prosjektet vart i utført i 2014 og 2015.

Oppdraget vart utlyst på DOFFIN. Fræna Byggservice AS fekk byggeoppdraget , medan dei tekniske oppdraga vart fordelt på Arkitekt Strandhagen, HTL Elektro, Comfort Rørpartner og Elmo teknikk.

Etter pkt. 15 i Aukra kommune sitt Reglement for investeringsprosjekt, skal sluttrekneskap leggast fram for politisk handsaming innan 1 år etter overtakingsforretning, eller overføring av ansvar og risiko. Kontrollutvalet ser at det i sluttrapporten frå prosjektleiar er opplyst at Aukra kommune overtok bygget i mars 2015. Revisor skriv i sin uttale at investeringsprosjektet er avslutta pr. 31.12.2015. Sekretariatet går difor ut frå at reglementet på dette punkt er følgt.

Sluttrapporten forklarar meirforbruket i prosjektet med utfordringar omkring sprinkling av bygget.

Rekneskapsrevisor har kontrollert at kostnader som er ført i sluttrekneskapen for Tilbygg Bergtun, ny bueining gjeld det aktuelle prosjektet og at kostnandane er i samsvar med rekneskapstala som er presentert i saksframlegget. Det vart kontrollert at beskriving av prosjektet si framdrift samsvarar med vedtak og budsjettføresetnader. Revisor har òg kontrollert at det var gjort kunngjering av konkurransen i Doffin for prosjektet. Revisjonen sitt arbeid avdekka ingen vesentlege feil eller manglar.

Grunnlaget for behandling av saka vil være revisor sin uttale og sluttrekneskapen for prosjektet.

Jane Anita Aspen
daglig leder



Notat

Vår ref.:
2013/1053-61/614

Dykkar ref.:

Saksbehandlar:
Gerd Nerbø

Dato:
21.07.2016

Til:

Notat - sluttrapport Tilbygg Bergtun

Kommunestyret vedtok i K-sak 21/14 auka ramme og oppstart av investeringsprosjekt 303200 – Tilbygg Bergtun, ny bueining. Godkjente prosjektkostnadane var på kr 4,3 millionar (inkl mva) og prosjektet var planlagd ferdigstilt i byrjinga av 2015.

Prosjektet gjeld ny bustad for brukar med særskilte behov. Sidan kommunen ikkje hadde anna eigna bustad vart det valgt å byggje ein ny bustad som tilbygg til Bergtun. Bustaden inneheld gang, stove og kjøkken i open løysing, soverom, bad og bod/lager. I tillegg er det laga plattingar mot sør og nord i tilknytning til bustaden.

Det er og bygd nytt nattevaksrom og toalett vegg i vegg med bustaden. Det er dør direkte frå nattevaksrommet inn i den nye bustaden.

Utgreiing:

Dette saksframlegget med vedlegg vert lagt fram for revisjonen slik at deira merknad til sluttrapporten blir vedlagt saksframlegget.

Om oppdraget:

Byggteknisk forskrift (TEK 10) krev at bustader med heildøgns omsorg skal ha automatisk brannslukkeanlegg. Det er ikkje lovleg å sprinkle kun delar at eit bygg. Dersom vi skulle ha sprinkla kun den nye bustaden måtte det og blitt bygd ein seksjoneringsvegg mellom eksisterande bygning og den nye bueininga. Ein slik vegg vart prisrekna til rundt kr. 250 000,-. I tillegg kom kostnader til sprinkleranlegg på ca kr. 75 000,-. Sprinkling av heile bygget, både eksisterande og nybygg, vart prisrekna til ca kr. 600 000,-.

Det vart vurdert som ei dårleg og kostbar løysing å bygge ein seksjoneringsvegg. Teknisk vart det også ei utfordring då bygget er bygd med ferdigproduserte takstolar.

